



ULVIK HERAD



Foto: Badebrygga i Holmen vart sjøsett juli 2012

ÅRSMELDING 2012

Innholdsliste:

Ulvik herad i 2012	Side 3
- folketalsutvikling	Side 4
- kommuneøkonomien	Side 5
- sjukefråvær	Side 12
Sentraladministrasjonen og styringsorgan	Side 16
Ulvik barnehage	Side 31
Grunnskule, kulturskulen og vaksenopplæring	Side 35
Helseavdeling/lækjarteneste	Side 45
Pleie og omsorg	Side 54
NAV	Side 59
Teknisk	Side 62

Årsmelding for Ulvik 2012.

Årsmeldinga for Ulvik herad er eit tilbakeblikk på aktiviteten i det året vi har lagt bak oss – både internt i driftsorganisasjonen og i lokalsamfunnet Ulvik. Sett i høve til dei målsettingar vi har for Ulvik samfunnet er det alltid nyttig å sjå tilbake på om vi oppnådde dei mål og forventningar vi hadde, og kanskje kan vi lære av hendingar eller aktivitetar som ikkje gjekk vår veg.

Årsmeldinga for Ulvik herad viser difor kva vi klarte å yte av tenester til innbyggjarane med dei ressursar vi hadde til rådvelde i 2012. Samstundes er årsmeldinga og ei framstilling av ”helsetilstanden” for heradet, og kva utfordringar vi står framfor når arbeidet med økonomiplanen skal startast opp.

Det er og nyttig og lærerikt å sjå Ulvik i lys av det storsamfunnet vi er ein del av. Bruk av Kostratal i årsmeldinga gjer oss i stand til å sjå vår ressursbruk og effektivitet målt opp mot tilsvarende tal i kommunar vi kan samanlikne oss med - driv vi effektivt og yter vi tenester av høg og god kvalitet, eller er kostnadsnivået i Ulvik høgare enn det strengt tatt burde vere.

Ulvik som lokalsamfunn ligg og befolkningsmessig i grenseland for det som trengst til å oppretthalde eit godt tenestetilbod. Med i overkant av 1100 innbyggjarar vert grunnlaget for tenesteyting innanfor handel og vareomsetnad i minste laget, og det er difor svært viktig at vi klarer å få til folkevekst slik at grunnlaget for lønsam drift innanfor dei tenesteytande næringane er tilstades. Då må handelslekkasjen til nabokommunar og Voss spesielt vere minst mogeleg.

Folketalsutviklinga i heradet er difor ein viktig indikator på korleis vi lukkast med å skape det gode samfunnet vi ønskjer å få til i Ulvik.

Kommuneorganisasjonen er ein viktig aktør i arbeidet med å skape eit godt lokalsamfunn. Kommuneorganisasjonen yter tenester til dei fleste innbyggjarane alt frå barnehage og skule og fram til omsorg ved livets slutt. Skal det ytast gode tenester til innbyggjarane trengst ein kommuneorganisasjon som er prega av trivsel og arbeidslyst, og tilbakemeldingar frå innbyggjarar og politikarar signaliserer om vi har fått dette til. Kommuneorganisasjonen sitt omdømme ute blant folk flest, - i kombinasjon med sjukefråværsstatistikken er måleindikatorar på om vi har lukkast i arbeidet med å drive verksemda Ulvik herad på ein god måte.

Så må vi sjølv sagt i tillegg ha kontroll og styring på dei økonomiske ressursane - om vi styrer etter tildelte rammer og set ”tæring etter næring”.

Årsmeldinga for Ulvik som samfunn er difor ei evaluering av om vi har klart å oppfylle vedtekne målsettingar om

- vekst i folketalet,
- om vi har god økonomistyring og god tenesteproduksjon og
- om vedteken målsetting for sjukefråvær vert halden.

Folketalsutviklinga i Ulvik herad dei siste åra.

	Pr. 01.01	fødde	døde	+/-	innflytt	utflytt	+/-	tilvekst
2007	1137	7	10	- 3	31	58	- 27	- 30
2008	1107	11	8	3	55	71	- 16	- 12
2009	1095	10	10	0	72	38	34	34
2010	1129	11	20	- 9	67	69	- 2	- 11
2011	1118	6	21	- 15	68	59	9	- 6
2012	1112	11	12	- 1	54	52	2	1
2013	1113							

Pr. 1 jan. 2013 var det i Ulvik 1113 innbyggjarar - ein vekst på ein person frå året før.

Det positive er at vi har folkevekst og truleg har stoppa nedgangen i folketalet. Vi er likevel langt unna vedteken målsetting om ein folketalsvekst årleg på 1 %.

Befolkningstala fortel og at innflyttinga til kommunen er lavare i 2012 enn dei seinaste åra. Dette heng truleg saman med mangel på bustader og byggeklare tomter. Dette tek vi sikte på å få løyst i det året vi no er inne i.

Vi skulle gjerne og sett ein større auke i fødselstala enn det vi har i dag. Årskull på berre 10- 11 elevar vil gje ein skule med sterkt redusert elevtal, og vurderingar om struktur og samarbeid med nabokommunar kan fort bli aktuelle tema.

Kommuneøkonomien i 2012.

Ulvik har som økonomisk målsetting å oppnå eit netto driftsresultat på minimum 3 % av brutto driftsinntekter.

Tabellen under viser at Ulvik i 2012 har eit rekneskapsmessig netto driftsresultat på 7,148 mill. kr. - og i prosent utgjør dette eit netto driftsresultat på 7,14 %.

Det som likevel er verdt å merke seg og som etter rådmannen si vurdering gjev eit misvisande bilete av kommuneøkonomien er føringane av pensjonsfordringane.

Ei klargjering av kva som ligg i eit positivt premieavvik på 4.2 mill. kr. kjem rådmannen tilbake til.

Av eit rekneskapsmessig mindreforbruk (overskot) på 7.148 mill. kr. er premieavviket for pensjonsyttingar i KLP på 4.225 mill. kr.

Det reelle overskotet er difor «berre» på 2.924 mill. kr.

Ser vi på korleis overskotet kjem fram får vi slik oversikt:

Mindreforbruk driftsbudsjettet	- 228.595
Premieavvik 2012	- 4.225.168
Premieavvik tidlegare år	497.001
Medfinansiering somatiske tenester	- 352.000
Etableringslån Husbanken renter	43.856
Kraftsalg	- 96.037
Skatt	- 580.458
Eigedomsskatt	- 141.774
Rammetilskot	97.508
Renteutgifter	- 608.380
Avdrag	- 685.088
Renteinntekter	- 223.040
Overføring VAR	284.273
Diverse	95.064
Lønsregulering	- 1.026.009
Totalt	- <u>7.148.846</u>

ØKONOMISK OVERSIKT DRIFT

		Rekneskap 2012	Rev bud 2012	Budsjett 2012	Rekneskap 2011
Driftsinntekter:					
600-619	Brukarbetalingar	5 613 685,15	5 554 000,00	5 554 000	5 267 300,47
620-670	Andre salgs- og leigeinntekter	6 339 458,87	6 374 900,00	6 374 900	6 826 548,18
700-770	Overføring med krav til motyting	9 437 598,55	3 026 664,00	3 026 664	10 730 424,80
800	Rammetilskudd	43 043 654,00	43 153 000,00	43 153 000	40 700 365,00
810	Andre statlige tilskudd	706 238,00	528 000,00	528 000	637 682,00
830-850, 880-890	Andre overføringer	11 022 183,60	11 000 000,00	11 000 000	12 197 694,59
870	Skatt på inntekt og formue	31 105 457,93	30 525 000,00	30 525 000	29 796 833,92
874	Eigedomsskatt	8 855 467,00	8 700 000,00	8 700 000	8 288 573,00
877	Andre direkte og indirekte skattar	5 435 719,00	4 900 000,00	4 900 000	5 435 719,00
SUM DRIFTSINTEKTER		121 559 462,10	113 761 564,00	113 761 564,00	119 881 140,96
Driftsutgifter:					
010-080, 160-165	Lønnsutgifter	60 510 687,17	58 161 578,55	56 837 562	58 628 830,52
090-099	Sosiale utgifter	14 152 418,32	16 843 896,54	16 493 922	13 734 984,73
100-285 -(160-165)	Kjøp av varer og tjenester som inngår i tjenesteproduksjon	17 029 554,05	17 114 349,00	16 532 966	17 696 763,65
300-380	Kjøp av tjenester som erstatter kom. tjenesteproduksjon	8 660 258,65	9 259 200,00	9 259 200	7 879 557,69
400-490	Overføringer	14 245 056,67	10 033 726,00	10 033 726	13 920 407,96
590	Avskrivninger	4 689 433,92	-	0	4 527 513,36
690 + (290-790)	Fordelte utgifter	-	-	0	-
SUM DRIFTSUTGIFTER		119 287 408,78	111 412 750,09	109 157 376,00	116 388 057,91
Brutto driftsresultat		2 272 053,32	2 348 813,91	4 604 188,00	3 493 083,05
Finansinntekter:					
900-905	Renteinntekter og utbytte	2 390 039,10	2 250 000,00	2 250 000	2 520 498,40
909	Gevinst finansielle instrumenter (omløpsmidler)	1 232 977,00	-	-	208 888,00
920	Mottatte avdrag på utlån	297 188,00	90 000,00	90 000,00	269 779,00
SUM EKSTERNE FINANSINTEKTER		3 920 204,10	2 340 000,00	2 340 000,00	2 999 165,40
Finansutgifter					
500	Renteutgifter, provisjoner og andre finansutgifter	1 024 350,72	1 900 000,00	1 900 000	1 455 302,30
509	Tap finansielle instrumenter (omløpsmidler)	-	-	-	-
510	Avdragsutgifter	1 044 720,00	1 729 808,00	1 729 808	1 044 720,00
520	Utlån	135 234,50	70 000,00	70 000,00	299 683,00
SUM EKSTERNE FINANSUTGIFTER		2 204 305,22	3 699 808,00	3 699 808,00	2 799 705,30
RESULTAT EKSTERNE FINANSSTRANS.		1 715 898,88	-1 359 808,00	-1 359 808,00	199 460,10
990	Motpost avskrivninger	4 689 433,92	-	-	4 527 513,36
NETTO DRIFTSRESULTAT		8 677 386,12	989 005,91	3 244 380,00	8 220 056,51
INTERNE FINANSSTRANSASJONER					
930	Bruk av tidlegare års regnskapsmessige midreforbruk	4 373 596,09	-	0	3 861 045,48
940	Bruk av disposisjonsfond	1 628 835,66	251 045,00	251 045	2 138 000,38
950	Bruk av bundne driftsfond	7 052 784,93	5 720 575,00	5 720 575	7 129 027,01
SUM BRUK AV AVSETNINGER		13 055 216,68	5 971 620,00	5 971 620,00	13 128 072,87
570	Overført til investeringsregnskapet	2 277 148,55	818 617,00	1 400 000	6 420 832,84
530	Dekning av tidlegare års regnskapsmessige meirforbruk	-	-	-	-
540	Avsetninger til disposisjonsfond	5 320 011,78	1 230 008,91	2 904 000	4 027 907,30
550	Avsetninger til bundne driftsfond	6 986 596,99	4 912 000,00	4 912 000	6 525 793,15
SUM AVSETNINGER		14 583 757,32	6 960 625,91	9 216 000,00	16 974 533,29
580	Ikke disponert nto. regnskapsm. mindreforbruk	7 148 845,48	0,00	0,00	4 373 596,09
980	Regnskapsmessig merforbruk	0,00	0,00	0,00	0,00

Ser vi på budsjettstyringa i driftsorganisasjonen får vi fram slik oversikt:

Ans	Ansvar (T)	Rekneskap 2012	Bud vedtatt	Bud just	Rev bud	Avvik
21*	Stab/støtte	14 796 677,48	14 734 323,00	378 664,47	15 112 987,48	-316 310,00
220	Barnehagen	6 447 251,34	5 977 750,00	311 620,63	6 289 370,63	157 880,71
230	Undervisning	18 134 627,47	17 714 691,00	475 386,41	18 190 077,41	-55 449,94
240	Helse & Sosial	9 747 037,10	9 574 916,00	243 928,96	9 818 844,96	-71 807,86
250	PLOMS	21 945 906,58	20 713 872,00	837 010,44	21 550 882,43	395 024,15
270	NAV	1 220 488,73	1 194 674,00	27 577,32	1 222 251,32	-1 762,59
28*	Teknisk	14 383 982,53	13 738 966,00	981 185,87	14 720 151,87	-336 169,34
Overskot driftseiningane						-228 594,87

Denne oversikten viser at budsjettstyringa er god. Barnehagen og Pleie- og omsorg har overskriding av tildelt ramme, men i og med at Stab/støtte og Teknisk har mindreforbruk i høve til tildelt ramme så kjem vi samla ut med eit mindreforbruk på driftsbudsjettet på totalt kr. 228.500.

Premieavviket.

Ulvik herad har i 2012 eit positivt premieavvik på kr. 4 225 168 frå KLP og kr. 179 320 i negativt premieavvik frå SPK (Statens pensjonskasse), dette er medverkande til det store overskotet i 2012.

Forklaring til begrepet premieavvik.

Premieavviket kan vera positivt eller negativt. Med eit positivt premieavvik meinast at premieinnbetalinga har vore større enn pensjonskostnaden i same året. I motsett fall snakkar me om eit negativt premieavvik.

Pensjonskostnaden representerer den størrelsen som skal kostnadsførast i driftsbudsjettet/ driftsrekneskapen, medan **premieinnbetalinga** er det som Ulvik har betalt sitt pensjonsselskap (rekninga frå pensjonsleverandøren). Det kan altså oppstå den situasjonen at Ulvik må betala inn meir i løpet av året enn det som skal kostnadsførast i rekneskapen. **Differansen mellom det som blir innbetalt og det som skal kostnadsførast i rekneskapen kallast premieavviket (avvik mellom premie og kostnad).** Viss dette premieavviket er positivt (innbetalt meir enn kostnadsført) blir dette ei inntekt i kommunerekneskapen som vert ført opp i balansen som eit krav. Det er viktig å leggja merke til at dette er ei inntekt som ikkje medfører noko innbetaling til Ulvik. Her kjem altså ikkje innbetalingar vi kan bruke til andre fornuftige formål (sjølv om lova ikkje seier noko om dette). Tvert om, er det ei inntekt som i

realiteten betyr at utbetalinga til pensjonsleverandøren har vore større enn det driftsrekneskapen viser.

Forklaringa til at det blir slik er at utrekninga av pensjonspremien bygger på eit anna regelsett enn utrekninga av pensjonskostnaden

Årets premieavvik skal inntektsførast eller utgiftsførast mot balansen avhengig av fortegnet på premieavviket, jf. rekneskapsforskrifta § 13-4 bokstav A og B. Det balanseførte premieavviket skal deretter tilbakeførast ("amortiserast") ved utgiftsføring eller inntektsføring. Tidlegare skulle amortiseringa skal skje over 1 år, alternativt 15 år, jf. § 13-4 bokstav C og D. Frå 2012 vart reglane endra og no kan amortisering skje på 1. eller 10. år.

Ulvik herad sitt premieavvik.

Ulvik herad har 10 år amortiseringstid. Det betyr at vi kan dele det positive premieavviket frå 2012 på 10 år. Vidare fører det til at vi i kvart år 10 år fram i tid må utgiftstføre 422 516,8 kr. frå KLP i driftsrekneskapen vår. Vi har og opparbeida oss positive premieavvik frå tidlegare år. Medrekna årets premieavvik har vi kr. 9 387 253 i positivt premieavvik som skal utgiftsførast på framtidige driftsrekneskap. Amortiseringane av tidlegare års premieavvik har ikkje vore lagt inn i budsjettet til Ulvik herad, men har takka vere årlege positive premieavvik ikkje vore noko problem å finansiere.

Rådmannen foreslår no å sette av det positive premieavviket frå 2012 til eit fond for å dekkja framtidig amortiseringar av premieavvik. Dette fordi at vi no nær doblar premieavviket som Ulvik har opparbeida seg i 2012. Vi har heller ikkje nokon garanti for at dei årlege premieavvika vil vera positive i all framtid, og då vil vi ha bruk for eit fond.

Vi vil då bruka 1/10 av fondet som premieavviket blir avsett til 10 år fram i tid for å finansiera premieavviket i 2012. Det same bør vi gjere i åra framover når vi har positive premieavvik.

Disponibelt overskot kjem og fram gjennom «innspar» forbruk i samband med Samhandlingsreforma. Vi fekk overført 1.588 mill. kr. frå helseforetaket medan tilbakebetaling utifrå «forbruk» berre vart 1.236 mill. kr.

Vidare ser vi at skatt og eigedomsskatt har gjeve oss meirinntekter utover vedteke budsjett med kr. 722.000., og innsparing av rente- og avdragskostnader bidreg med nesten 1.3 mill. kr. – alt i høve til vedteke årsbudsjett. Dette skuldast i hovudsak utsett låneopptak av vedtekne investeringar.

Vi har og brukt mindre til lønsregulering i 2012 enn den summen vi sette av i årsbudsjettet, dette har gjeve ei innsparing på over 1 mill. kr.

Driftsinntektene.

	Rekneskap 2012	Rev bud 2012	Budjett 2012	Rekneskap 2011
1 Skatt på inntekt og formue	-31 105 457,93	-30 525 000,00	-30 525 000,00	-29 796 833,92
2 Ordinært rammetilskudd	-43 043 654,00	-43 153 000,00	-43 153 000,00	-40 700 365,00
3 Skatt på eiendom	-8 855 467,00	-8 700 000,00	-8 700 000,00	-8 288 573,00
4 Andre direkte eller indirekte skatter	-5 435 719,00	-4 900 000,00	-4 900 000,00	-5 435 719,00
5 Andre generelle statstilskudd	-706 238,00	-528 000,00	-528 000,00	-637 682,00
6 Sum Frie disponible Inntekter	-89 146 535,93	-87 806 000,00	-87 806 000,00	-84 859 172,92
7 Renteinntekter og utbytte	-2 390 039,10	-2 250 000,00	-2 250 000,00	-2 520 498,40
8 Gevinst finansielle instrumenter	-1 232 977,00	-	-	-208 888,00
9 Renteutg., provisjoner og andre finansutg.	1 024 350,72	1 900 000,00	1 900 000,00	1 455 302,30
11 Avdrag på lån	1 044 720,00	1 729 808,00	1 729 808,00	1 044 720,00
12 Netto Finansinntekter/-Utgifter	-1 553 945,38	1 379 808,00	1 379 808,00	-229 364,10
14 Til ubundne avsetninger	5 320 011,78	1 230 008,91	2 904 000,00	4 027 907,30
15 Til bundne avsetninger	6 986 596,99	4 912 000,00	4 912 000,00	6 525 793,15
17 Bruk av ubundne avsetninger	-1 628 835,66	-251 045,00	-251 045,00	-2 138 000,38
18 Bruk av bundne avsetninger	-7 052 784,93	-5 720 575,00	-5 720 575,00	-7 129 027,01
19 Netto avsetninger	3 624 988,18	170 388,91	1 844 380,00	1 286 673,06
20 Overført til Investeringsregnskapet	2 277 148,55	818 617,00	1 400 000,00	6 420 832,84
21 Til Fordeling drift	-84 798 344,58	-85 437 186,09	-83 181 812,00	-77 381 031,12
22 Sum fordelt til drift frå rekneskapsskjema 1B				
23 Rekneskapsmessig mindreforbruk	-7 148 845,48	0,00	0,00	-4 373 596,09

Brutto driftsinntekter viser ein vekst frå 2011 til 2012 på berre 1,4 %. Når vi har klart å holde driftsutgiftene under kontroll kjem vi likevel ut med eit rimeleg bra resultat og for 2012.

Ser vi på fordelinga av driftsinntektene kjem følgjande oversikt fram:

Driftsinntekt		2012	i %
600-619	Brukarbetalingar	5 613 685,15	4,62 %
620-670	Andre salgs- og leigeinntekter	6 339 458,87	5,22 %
700-770	Overføring med krav til motytelse	9 437 598,55	7,76 %
800	Rammetilskudd	43 043 654,00	35,41 %
810	Andre statlige tilskudd	706 238,00	0,58 %
830-850, 880-890	Andre overføringar	11 022 183,60	9,07 %
870	Skatt på inntekt og formue	31 105 457,93	25,59 %
874	Eigendomsskatt	8 855 467,00	7,28 %
877	Andre direkte og indirekte skattar	5 435 719,00	4,47 %
SUM DRIFTSINNTEKTER		121 559 462,10	100,00 %

Skatteinntektene saman med rammetilskotet er dei store inntektspostane for kommunane. Rammetilskotet vert fastsett utifrå vedtekne kriterier i inntektssystemet, medan skatteinntektene til ein viss grad vert påverka av inntektsgrunnlaget i Ulvik.


Veksten i skatteinntektene viser slik utvikling:

2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012
27.083	28.633	29.241	31.096	31.102	29.796	31.105

Skatteinntektene som utgjer deler av dei frie inntektene Ulvik disponerer er i 2012 på linje med det vi fekk innbetalt i 2009. Ser vi på utviklinga frå 2011 til 2012 vert veksten på 4,4 %.

Til samanlikning viser tal frå fylkesmannen at den samla skatteauken for kommunane i landet i 2012 var på 6,8 %.

Ulvik herad balanserte tidlegare rett over og under grensa for å få småkommunetilskotet, dvs. eit skattenivå på 120 % av landsgjennomsnittet. I 2012 er skattenivået i Ulvik 116,6 % av landsgjennomsnittet.




Driftsutgiftene.

Driftsutgiftene har auka frå 116.388 mill. kr. i 2011 til 119.287 mill. kr. i 2012 - dette utgjør ein utgiftsvekst på 2,5 %.

Når vi då veit at dei samla lønskostnader utgjorde 62,59 % av dei totale driftsutgiftene for Ulvik (tilsvarande tal for 2011 var 62,17 %) og at lønsveksten i KS-området i 2012 samla var på 4,07 % så indikerer dette at Ulvik har klart å styre utgiftsveksten etter dei inntektsrammene vi har. Vi har klart å sette «tæring etter næring» og leverer eit bra resultat sjølv om inntektene ikkje har auka i tråd med pris- og lønsvekst.

Driftsutgifter:			
010-080, 160-165	Lønnsutgifter	60 510 687,17	50,73 %
090-099	Sosiale utgifter	14 152 418,32	11,86 %
100-285 -(160-165)	Kjøp av varer og tjenester som inngår i tjenesteproduksjonen	17 029 554,05	14,28 %
300-380	Kjøp av tjenester som erstatter kom. tjenesteproduksjon	8 660 258,65	7,26 %
400-490	Overføringer	14 245 056,67	11,94 %
590	Avskrivninger	4 689 433,92	3,93 %
690 + (290-790)	Fordelte utgifter	-	0,00 %
SUM DRIFTSUTGIFTER		119 287 408,78	100,00 %



Sjukefråværet.

Arbeidsmiljøutvalet har sett som målsetting at vi må halde sjukefråværet samla for kommuneorganisasjonen under 6 %.

Sjukefråværsstatistikken viser at sjukefråværet i Ulvik i 2012 var på 6,31 %.

Av dette er korttidsfråværet på 1,61 % og langtidsfråværet 4,70 %.

Dette er ein liten oppgang frå sist år då det totale sjukefråværet var på 5,25 %.

Sjukefråværet i nabokommunane:

Odda: 8 %

Jondal: 9 %

Ullensvang: 5,9 %

Eidfjord: 8,15 %

Granvin: 4,2 %

Eit lavt sjukefråvær er kostnadsbesparande, og Ulvik herad sitt målretta arbeid for å halde sjukefråværet nede har gjeve gode resultat. Rådmannen har og tru på at eit lavt sjukefråvær indikerer at "helsetilstanden" i kommuneorganisasjonen er god, og at trivsel og eit godt arbeidsmiljø fører til at dei tilsette yter gode tenester til innbyggjarane.

Investeringane i 2012.

I vedteke budsjett for 2012 var det planlagt investeringar på i alt 22.020 mill. kr.

Rekneskapen viser at investeringane vart på 7.643 mill. kr., noko som har si forklaring i at avsette midlar til rassikring på 15 mill. kr. ikkje er realiserte.

Rassikringsmidlar på i alt 30 mill. kr. er finansierte i budsjettåra 2011 og 2012 med 15 mill. kr. kvart år. Arbeidet er godt i gong og vil bli avslutta hausten 2013. No godt inn i 2013 har vi ikkje motteke krav frå Vegvesenet om innbetaling av desse midlane, slik at investeringane heller ikkje er ført i investeringsrekneskapen.

Dette som forklaring på avvik mellom budsjett og rekneskap.

Det må då og leggst til at rente- og avdragskostnader for 30 mill. kr. er finansierte både i 2011 og 2012 budsjettet. I og med at vi framleis ikkje har betalt ut desse millionane har vi innsparingar i høve til vedteke budsjett både i 2011 og i 2012.

Prosj j	Prosj (T)	Rekneskap 2012	Rev Bud 2012	Bud 2012	Avvik
2104 SUM	IT maskinvarer	105 571,00 105 571,00	300 000,00 300 000,00	300 000,00 300 000,00	-194 429,00
2105 SUM	IKT skule	205 698,73 205 698,73	200 000,00 200 000,00	200 000,00 200 000,00	5 698,73
2109 SUM	E-handel	283 470,00 283 470,00	320 000,00 320 000,00	320 000,00 320 000,00	-36 530,00
2110 2110 SUM	Politikarmodul Bruk av disp. fond	167 628,00 -167 628,00 0,00	0,00 0,00	0,00 0,00	0,00
3205 SUM	Sal Campingvogn	-25 000,00 -25 000,00	0,00 0,00	0,00 0,00	-25 000,00
4228 4229 4231 SUM	Vatn 2012 Kloakk 2012 Oppgradering VA-anlegg Osa, Hakestad, Holmen	0,00 0,00 134 000,00 134 000,00	1 000 000,00 1 000 000,00 0,00 2 000 000,00	1 000 000,00 1 000 000,00 0,00 2 000 000,00	-1 866 000,00
4307 4307 SUM	Innløysing Hjeltnes Bustadfelt Salsinntekter	2 093,50 -13 592,00 -11 498,50	0,00 0,00	0,00 0,00	-11 498,50
4315 4315 4315 SUM	Sal av kommunal eigedom Sal tomt gnr 68 bnr 70 og 62 Sal grunn gnr 53 bnr 60 og gnr 68 bnr 39,38,48 og 50	2 148,00 -203 786,00 -62 532,00 -264 170,00	0,00 0,00	0,00 0,00	-264 170,00
4318 SUM	Ref frå fylkekomm	-800 000,00 -800 000,00	0,00 0,00	0,00 0,00	-800 000,00
4339 SUM	Bustadfelt Hjelvevoll	32 264,00 32 264,00	750 000,00 750 000,00	750 000,00 750 000,00	-717 736,00
4346 4341 4359 4359 4391 4346 SUM	Kommunale bygg 2012 Ombygging tenestetorget 2011 Tilbygg Ulvik Sjukeheim Bruk av disp. fond (USA) Brakanes skule, solskjerming Bruk av disp. fond (Teknsik komm bygg)	0,00 163 043,67 1 057 421,04 -310 000,00 54 853,00 -46 700,77 918 616,94	918 617,00 0,00 0,00 0,00	1 500 000,00 0,00 0,00	-0,06
4347 4360 SUM	Kunststoffdekke friidrettsbana Toppdekke Holmen	0,00 233 934,94 233 934,94	1 300 000,00 0,00 1 300 000,00	1 300 000,00 0,00	-1 066 065,06
4348	Planlegging sentrumsutvikling	252 764,00	250 000,00	250 000,00	

SUM		252 764,00	250 000,00	250 000,00	2 764,00
4353	Muren ved COOP	1 183 112,05	300 000,00	300 000,00	
4353	Bruk av disp. fond	-1 183 112,05			
SUM		0,00			0,00
Prosj	Prosj (T)	Rekneskap 2012	Rev Bud 2012	Bud 2012	Avvik
4389	Beredskap 2012	319 500,00	300 000,00	300 000,00	
SUM		319 500,00	300 000,00	300 000,00	19 500,00
5003	Klargjering tomt rehab senter	440 000,00	0,00	0,00	
5003	Bruk av næringsfond	-440 000,00			
SUM		0,00			0,00
9075	Dokumentarfilm	300 000,00	0,00	0,00	
9075	Bruk av ubunde investeringsfond	-300 000,00			
SUM		0,00			0,00
	Mva komp overført frå drift	1 018 531,61			
	Frå rekneskapsskjema 2A	5 956 033,54	6 638 617,00	7 220 000,00	


Bruk av næringsfondet i 2012.

Bruken av midlar frå næringsfondet er regulert utifrå egne vedtekter for fondet. I tillegg er det vedteke at næringsfondet skal ha ein grunnkapital på minimum 5 mill. kr.

Slik vedlagde oversikt viser er saldo for fondet pr. 1.1. 2013: **kr. 10.113.459,39** og fondet er difor styrka med om lag 1,4 mill. kr. i 2012 - i hovudsak gjennom auka finansinntekter.

	Disponerte midlar 2012	Disponerte midlar 2011
Saldo inn pr 01.01.	11 651 616,46	12 108 434,47
Bruk i reknesk.	-4 646 730,45	-4 988 789,82
Heradshuset - dekking driftsutgifter	-280 000,00	-276 000,00
Konsesjonsavg	5 435 719,00	5 435 719,00
Finansinntekter	1 232 977,00	208 888,00
Finansutgifter		
Hardanger REHAB	-451 550,00	-683 175,64
Flytt til hardanger	-206 827,27	-121 576,35
Infotavler og sentrumstiltak	0,00	-31 883,20
Saldo pr 31.12.	12 735 204,74	11 651 616,46
Avsatt m. ikkje brukt:		
Tillegg rehab.senter - forprosjektering/ opparbeiding tomt		
Løyvde tilskot pr 2007	-17 906,13	-17 906,13
Løyvde tilskot pr 2008	-50 000,00	-60 000,00
Løyvde tilskot pr 2009	-25 000,00	-34 000,00
Løyvde tilskot pr 2010	-125 000,00	-187 500,00
Løyvde tilskot pr 2011	-72 250,00	-106 750,00
Løyvde tilskot pr 2012	-246 500,00	
Kommunale vegar inv.	-1 204 504,00	-1 204 504,00
Mur	-200 000,00	-200 000,00
Infotavler og sentrumstiltak (Budsj.07)	-6 272,00	-6 272,00
Bioenergi/Rydding langs vegar	-184 796,15	-184 796,15
"Frie" midlar *	10 113 457,39	8 708 819,11

ÅRSMELDING FOR SENTRALADMINISTRASJONEN OG SENTRALE STYRINGSORGAN 2012



Ansvarsområdet:

Ansvarsområdet for sentraladministrasjonen og sentrale styringsorgan (200 og 210) er; rådmannen, politisk verksemd, revisjon og kontrollutval, fellesadministrasjon (tenestetorg og økonomiavdeling), felles IKT, felles , personal, kyrkja, biblioteket, næring og kultur.

NAV-leiar er kommunalt tilsett og er plassert i stab hjå rådmannen. NAV har eige ansvarsområde 270.

Rekneskapsmessig er det eit godt resultat for ansvarsområda 200 og 210, med eit mindreforbruk på kr. 316 310.

Hovudtala for ansvarsområda 200 og 210 –samla (mill.kr.):

Budsjett:	15 112 988
Rekneskap:	14 796 678
Avvik:	316 310

Hovudgrunnen til mindreforbruket er: Refusjonar frå NAV for svangerskapspermisjonar og sjukmeldingar kombinert med redusert bemanning innafor tenestetorget. Resten fordeler seg på mindre forbruk på bedriftshelsetenesta, samt mindre forbruk på diverse andre postar.

Kostratal pr.15.03.2013 (ureviderte)

Netto driftsutgifter til administrasjon og styring i kr. pr.innb.	Ulvik 2012	Kostragruppe 06 - 2012	Jondal 2012	Granvin 2012	Eidfjord 2012	Hordaland 2012	Landet utan Oslo 2012	Landet 2012
	14 108	10 696	11 432	9 896	20 829	3 594	3 975	4 126

Kostratala viser at driftsutgifter til administrasjon og styring ligg noko høgt i høve kostragruppe 6. Ulvik ligg høgare samanlikna med Granvin og Jondal, men langt lågare enn Eidfjord. Det vil vera relativt dyrare å driva ein liten kommune, framfor ein større kommune, når ein tek omsyn til stordriftsfordelene. Det må også nemnast at ein del tenester rekneskapsmessigt vert ført sentralt i administrasjonen, framfor ei fordeling ut på einingane. Døme på dette er IKT-tenesta (1201) og felles personal (1204). Ei sentral føring vert gjort fordi kompetansen er plassert sentralt, og at det vil vera styringsmessige føremuner å ha det slik i ein liten kommune.. I praksis er dette tenester som vert levert t.d. til undervisning eller pleie- og omsorg.

Ansvarsområde 200 teneste 1202 rådmannen

Budsjett: 925 560
Rekneskap: 987 354
Resultat: - 61 794

Meirforbruket skuldast noko avvik på løn og sosiale utgifter, samt meirforbruk på reiser og møteverksemd.

Ansvarsområde 210:

Politisk verksemd – tal saker og møter:

Teneste	Politisk utval	Tal saker	Tal møter
1000	Heradsstyret	80	7
1000	Formannskapet	98	7
1001	Administrasjonsutvalet/AMU	4	2
1804	Eldrerådet	14	4

Politisk verksemd –budsjett og rekneskap:

Teneste	Politisk utval	Budsjett	Rekneskap	Avvik
1000	Heradsstyre/formannskap	1 230 317	1 536 279	-305 962
1001	Råd og utval	154 079	179157	- 25 078
1005	Politiske komitear	23 054	3 217	19 837
1804	Eldrerådet	21 334	15 498	5 836
1805	Ungdomsrådet	28 996	26 211	2 785

Det er eit negativt avvik på teneste 1000 heradsstyret og formannskapet. Dette skuldast høgare utgifter til løn og sosiale utgifter, tapte arbeidsforteneste og ekstra utgifter til kurs/reiseverksemd m.a heradsstyremøtet på Finse.

Teneste 1004 Revisjon og kontrollutval

Budsjett: 550 200
Rekneskap: 497 063
Resultat: 53 137

Teneste 1200 Fellesadministrasjon

Leiar : Reidar Meel

1. Omtale av overordna mål

Fellesadministrasjonen sitt mål er å yta best moglege tenester internt og eksternt.

2. Oppnådde resultat i høve til vedtekne mål:

Arbeidet er utført i høve dei ressursane ein har hatt til rådvelde. Tenesta har hatt kontinuerleg drift med tilbod til interne og eksterne kundar 08.00-15.30 heile året.

3. Resultat i budsjett/rekneskap

Budsjett: 5 765 061
Rekneskap: 5 367 835
Resultat: 397 226

Rekneskapen viser eit mindreforbruk på kr. 397 226, som skuldast refusjonar Nav mindreforbuk/innsparring løn sosiale utgifter.

4. Personale

6,8 årsverk fordelt på økonomiavdelinga, tenestetorget, ass.rådmann og pedagogisk konsulent. Det vert kjøpt 50% stilling som skatteinnkrevjar hjå Ullensvang herad. Bemanninga har vore stabil i 2012.

5. Sjukefråvær

Sjukefråværet er på 5,4%. Hovudgrunnen er to langtidssjukemeldingar, som opphørde i løpet av året.

6. Kompetanseutvikling

Personalet har delteke på fagkurs innafor fagområdet økonomi, rekneskap og løn.

7. Helse, miljø, tryggleik og kvalitetssikring

Vernerunde med oppfølgingsmøte er gjennomført i tråd med lovverket. Det er gjennomført medarbeidersamtalar.

8. Samfunnstryggleik og beredskap

Det vert jobba kontinuerleg med samfunnstryggleik og beredskap. Planverket er gjennomgått og oppdatert i 2012. Elles er det halde fellesøving med Hardanger Energi/BKK i høve bortfall av straum. Det er halde møte i beredskapsrådet o oktober.

9. Konsekvensar for handlingsprogrammet

Det er større krav til kommunen etter at den kommunale beredskapsplikta er lovfesta frå 2010. Dette vil få konsekvensar for heradet sitt beredskapsansvar.

10. Anna aktivitet/tiltak:

Det har vore jobba med å få avlevert kommunalt arkiv for perioden 1965-93 til interkommunalt arkiv. Det er eit arbeid som vert fulgt opp vidare, og ein tek sikte på avlevering våren 2013. *Personakriv* for alle einingar er avlevert til interkommunalt arkiv i 2012. Elles har staben bidrege ved innkjøp av nytt legeprogram som vert teke i bruk i 2013, som ein del av arbeidet med samhandlingsreforma. Vidare er lokal lønspolitikk og lokal seniorpolitikk revidert i 2012. Vidare er det jobba med verjemålsreforma. Ansvaret for verjemål vert overført frå kommunane til fylkesmannen 1.7.2013.

Teneste 1201 - IKT

Leiar : Ivar Osa

1.Omtale av overordna mål

Informasjons- og kommunikasjonsteknologi (IKT) er eit viktig verktøy for utvikling av den kommunal verksemda, og det er ein føresetnad for direkte tenester over nett til innbyggjarar, næringsliv og andre aktørar. Ulvik herad legg vekt på bruk av IKT i alle delar av tenesteapparatet. Kommunelova sin §4 pålegg kommunane å driva aktiv informasjon og leggja til rette for offentlig innsyn.

2.Oppnådde resultat i høve til vedtekne mål:

- Nettbrett til politikarane
- Politikarmodul, politikarane kan her lesa saksdokkumenta på sine nettbrett.
- Ny backupløsning til helsenettet.

Det var også planlagt oppgradering av WebSak og nytt fagsystem for legekantor og helsestasjon. Dette måtte utsetjast til 2013 grunna kapasitet hjå leverandørar.

3.Resultat i budsjett/rekneskap

Budsjett: 1 818 496

Rekneskap 1 739 196

Resultat 79 301

Generelt mindreforbruk på ulike postar.

Investeringar IKT

Prosjekt	Rekneskap	Revidert Budsjett 2010	Avvik
IT maskinvarer	100 071,00	300 000,00	199 929,00
IKT skule	205 697,00	200 000,00	5 697,00

4.. Personale

100% stilling, der 20% vert finansiert av skulen.

5.Sjukefråvær

Sjå fellesadministrasjon

6.Kompetanseutvikling

Har nær dialog med fagmiljøet i Odda.

7.Helse, miljø, tryggleik og kvalitetssikring

Sjå fellesadministrasjonen

8..Samfunnstryggleik og beredskap

Sjå fellesadministrasjon

9..Konsekvensar for handlingsprogrammet

Sentrale myndigheiter set store krav til kommunane om å ta i bruk IKT for å effektivisera drifta og å frigjere ressursar til utfordringar som ventar, kan her nemna: Nasjonal strategi for elektronisk samhandling i helse- og omsorgssektoren /Samhandlingsreforma / Norm/ Meldingsløftet. Då det er snakk om store investeringar knytt til nye tenester, er det også viktig at kommunane samarbeida om felles system. Det er store innsparingar ved innføring av nye tenester dersom kommunane har felles system på ei felles plattform. Ei annan utfordring for IKT i forhold til alle nye tenester og krav, er å budsjettere framtidige investeringsbehov og driftskostnader. Mykje av tenestene er ikkje ferdig utvikla og det er ingen "hyllevare" som er prissett. Derfor er det svært vanskeleg å ta høgde for slike tiltak i den ordinære budsjett prosessen.

Ulvik herad har i dag Ca. 240 arbeidsstasjonar / pc ved 8 lokasjonar
14 serverar for admin.nett, sjukeheimen, legekantoret, skulen og Va-anlegg
Odda kommune drifta serverar og databasar for Sakhandsaming, økonomisystem,
mailsistem og Sosialsistem.

I tillegg til årleg maskinvare, nettverk, serveroppgradering og versjonsoppgraderingar på
aplikasjonar, må ein gjera ein del framtidige prioriteringar på investeringssida, for å
nemna noko :

- Skjemabank / min side
- Weboverføring WebSak heradstyremøte
- Integrasjon Oppad- Agresso
- Websak "sikker sone"
- Digitalt arkiv
- Telefonsentral /sentralbord
- Fiberkabel mellom sentrumsbygget og skulen
- Storformat scanner

Tenesteområde 1204 – felles personal

Leiar : Reidar Meel

1. Omtale av overordna mål

Ha ein best mogleg arbeidsgjevarpolitikk i tråd med lover og forskrifter.

2. Oppnådde resultat i høve til vedtekne mål:

- Tiltak i samsvar med IA-måla vart gjennomførde.
- Lokale tingingar og kompetanseheving er gjennomført.
- Overordna HMT-plan godkjent.

3. Resultat i budsjett/rekneskap

Budsjett: 550 800

Rekneskap: 450 004

Resultat: 100 796

Skuldast i hovudsak mindreforbruk på bedriftshelseteneste.

4. Personale

Sjå fellesadministrasjon.

5. Sjukefråvær

Sjukefråværet var på 6,31% i 2012, mot 5,25% i 2011. AMU sitt mål for IA-arbeidet
var å halda sjukefråværet under 6%.Korttidsfråværet
utgjorde 1,61% (1,52%), medan langtidsfråværet utgjorde 4,70% (3,73%).

Det eigenmeldte fråværet utgjør 0,9% i 2012, det same som i 2011.

Det er eit mål for IA-arbeidet at ein i større grad nyttar eigenmelding framfor sjukemelding.

Utviklinga i sjukefråværet i % i perioden 2009-2012

2009	2010	2011	2012
5,47	5,74	5,25	6,31%

Ulvik har dei siste 4 åra hatt eit lågt sjukefråvær.

6. Kompetanseutvikling

Det er halde fellessamling for alle tilsette (motivasjonsseminar) som ein del av IA-arbeidet.

7. Helse, miljø, tryggleik og kvalitetssikring

Arbeid i tråd med arbeidsmiljøutvalet sine mål. På velferdssida har det vore eit felles tiltak (julebord). Heradet sponsar kontigenten ved Ulvik Treningssenter.

8. Samfunnsstryggleik og beredskap

Sjå fellesadministrasjon.

9. Konsekvensar for handlingsprogrammet

Sjå fellesadministrasjon.

10. Anna aktivitet/tiltak

Ikkje noko ut over dagleg drift.

Tenesteområde 1205 – Flytt til Hardanger

Leiar : Hege Nielsen Børve

1. Omtale av overordna mål

Hovudmålet er å gjera Hardangerkommunane til attraktive bukommunar. Godt og variert bustadtilbod, møtestader og eit inkluderande lokalsamfunn skal vere kjenneteikn ved Hardangerkommunane. FTH skal saman med kommunane rekruttera tilflyttarar med det føremålet å auke folketalet.

2. Oppnådde resultat i høve til vedtekne mål:

Utflyttinga frå Hardanger har stogga, men det er vanskeleg å seie kor mykje av dette som skuldast prosjektet. Nettotilflyttinga har auka markant i aldersgruppa mellom 27 og 42 år. Målgruppa til FTH er personar i aldersgruppa 25-45 år. Såleis kan ein stadfesta at FTH har oppnådd målsettinga om å få fleire frå denne målgruppa til å flytte til Hardanger. 85 % av respondentane frå spørjeundersøkinga blant innflyttarar til Hardanger, gjennomført av AUD, bur framleis i Hardanger. Av desse bur 7 % i Ulvik.

3. Resultat i budsjett/rekneskap

Tenesta «Flytt til Hardanger» er finansiert av næringsfondet.

4. Personale

Leiar for tilflyttarprosjektet (kommunekontakten) i Ulvik herad er tilsett i 40 % stilling.

5. Sjukefråvær

Sjå fellesadministrasjon.

6. Kompetanseutvikling

Deltek på alle kommunegruppemøter og samlingar.

Har nær dialog med kommunekontaktane frå dei andre kommunane.

7. Helse, miljø, tryggleik og kvalitetssikring

Sjå fellesadministrasjonen

8. Samfunnstryggleik og beredskap

Sjå fellesadministrasjonen

9. Konsekvensar for handlingsprogrammet

Prosjektet er inne i sitt tredje år av fase 2; Flytt til Hardanger – attraktive bustadkommunar, 2010-2015.

Eigeninnsats frå kommunane er på kr. 1.275.000 årleg. Fylkeskommunen bidreg med kr. 770.000 årleg.

10. Anna aktivitet/tiltak:

Året starta med to-dagars samling i Øystese med presentasjon av «Analyse av bustadmarknaden i Hardanger 2012» gjennomført av Norut og spørjeundersøking av tilflyttarar til Hardanger i 2012, gjennomført av AUD.

Kommunekontaktane er no fast medlem av marknadsføringsgruppa, og gjennom denne er Facebook-sida til FTH opna igjen. Det var det jolekalender med gåver frå lokale produsentar i desember, eit innslag som slo verkeleg godt an rundt om.

Facebook-sida vert brukt for å vise ledige stillingar og arrangement rundt om i kommunane samt i marknadsføringa av FTH sitt arbeid.

Prosjektleiar Anette Hjeltne har vore i alle heradstyra i Hardanger og informert om rapportane/analysane frå Norut og AUD, og anna arbeid som føregår innanfor FTH. FTH har hatt to tenestetorgsamlingar på Utne, ein i mai og ein i november. Desse samlingane er eit tilbod til alle tenestetorga i Hardanger og har blitt ein god møteplass for førstelinetenesta til kommunane. Godt oppmøte og positive tilbakemeldingar frå begge samlingane.

I november var det bustadkonferanse i Øystese for andre gong. Deltakartalet var på 85 personar, noko som vitnar om sterkt engasjement kring bustadpolitikken i Hardanger.

I desember vart det vart send ut 1400 jolekort til utflytta Hardingar. –Ei helsing til dei som har vokse opp i Hardanger med ønske om ei god jul og ei oppmoding om å ta ein titt på moglegheitene regionen har.

Teneste 3250 næringsutvikling:

Leiar: Ingunn Stana

1. Omtale av overordna mål

Utvikla samarbeidsprosjekt landbruk – reiseliv
Utvikla samarbeidsprosjekt i tradisjonelt landbruk og næring elles
Stimulera til aktiv bruk og vedlikehald av kulturlandskap
Vidareutvikla småskalaforedling basert på lokalt råstoff
Bidra til styrking av eksisterande næringsliv
Bidra til etablering av næringsliv

2. Oppnådde resultat i høve til vedtekne mål:

Ulvik Landskapspark si arbeidsgruppe arbeider direkte med samarbeid mellom landbruk, frivillig sektor og deler av næringslivet. Landskapsparken har no utvikla, i samarbeid med Destinasjon Ulvik, 16 merka og graderte turstiar i kulturlandskapet. Bygde- og næringsutviklar har oppfølgingsansvar, sekretærfunksjon og tilretteleggingsansvar for landskapsparken.

Ulvik Landskapspark har fått midlar frå eksternt hald til merking og gradering i kulturlandskapet. I 2012 vart også Ulvik Turlag med i arbeidsgruppa.

Frå 1.6.2012 til 31.12.2012 har fire gründerar vore til rettleiing hjå bygdeutviklar. To har starta verksemd, ei er i oppstartsfase, den siste ventar på avklaringar frå eksternt hald. Har også vore invitert på bedriftsbesøk hjå fleire verksemdar.

Bygde- og næringsutviklar er observatør med talerett i styret i Destinasjon Ulvik, næringsselskapet i Ulvik herad, og møter fast på styremøta.

Bygde- og næringsutviklar er 1. vara i styret til Stiftinga Høgskuleutdanning i Hardanger, med møterett til alle styremøta, og stemmerett ved fråfall frå faste styremedlemmer. Stiftinga administrerer studietilbodet i dei tre studiesentra i Hardanger.

Ingunn Stana er Ulvik herad sin representant inn i Team Hardanger, samarbeidsrådet for næringsutviklarar i Hardanger. Hovudfokus i siste halvdel av 2012 har vore å oppretta eit Slow Food-nettverk i Hardanger, for å styrka posisjonen til dei som produserer lokalmat og -drikke gjennom samarbeid, felles marknadsføring, felles «front» ut av regionen etc. Dette arbeidet held fram i 2013. I oktober 2012 reiste Ingunn Stana saman med representantar for fleire andre hardangerkommunar og Hardangerrådet til Torino i Italia for å møta med Slow Food-organisasjonen og Slow Fish-representantar.

Bygde- og næringsutviklar har, i tett samarbeid med Anne-Marit Lekve, arbeidd med å utforma innhald til informasjonsskilt som skal plasserast tre stader i heradet. Nasjonale Turistveger og Hardangerrådet betalar for tre skilt til kvar av dei sju hardangerkommunane,

som skal fortelja tilreisande om opplevingar og attraksjonar. Destinasjon Ulvik har kome med uttale til innhaldet, og skilta skal setjast opp i 2013.

Det er helde møte med Vinmonopolet AS, der bygde- og næringsutviklar, saman med ordførar Hans-Petter Thorbjørnsen, har informert om situasjonen i Ulvik, og vist til at det trengst eit løysingsorientert fokus på situasjonen for dei som produserer sider i kommunen. Heradet er framleis i kommunikasjon med Vinmonopolet AS, og held saka varm. Ingunn Stana har sendt inn ny søknad til Vinmonopolet AS, der dei nye utfordringane som siderprodusentane er presenterte. Søknaden fekk ikkje tilslag i 2012, men vert liggande aktiv i deira system til dei neste tildelingane.

Ingunn Stana har delteke i arbeidet med å undersøkje mogelegheita for å oppretta ein genbank for laks i Ulvik. Status er at Direktoratet for naturforvaltning treng fleire vassprøvar for å gjera endeleg vedtak, og NIVA skal gjennomføra desse i 2013.

Bygde- og næringsutviklar er Ulvik herad sin representant i komiteen som skal skipa til brufest i Eidfjord på bruopningsdagen. Denne komiteen har hatt regelmessige møter i 2012.

3. Resultat i budsjett/rekneskap

Tilrettelegging næringsliv vert 100 % finansiert med næringsfondsmidlar.

Budsjettert bruk av næringsfond 2012:

Teneste	Teneste (T)	Beløp
3250	Tilrettelegging næringsliv	-3 656 842,94
3253	Tilrettelegging jordbruk	-182 000,00
3255	Tilrettelegging skogbruk	-227 415,42
3256	Veterinær	-272 000,00
3601	Vilt/fiske-forvaltning	-64 424,36
3650	Kulturminneforvaltning	-21 450,00
3750	Museum	-11 120,00
3850	Kulturadministrasjon	-622 000,00
3852	Andre kulturaktivitetar	-87 855,00
8700	Finansielle inntekter/utgifter	-440 000,00
		-5 585 107,72

4. Personale

Bygde- og næringsutviklar Ingunn Stana. Næringsfondet vert handsama av Anne-Marit Lekve i samarbeid med bygde- og næringsutviklar og jordbrukssjef.

5. Sjukefråvær

Sjå fellesadministrasjon.

6. Kompetanseutvikling

Leiar har gjennomført fagkurs i etablerarretteiing, og har arrangert/fylgt kurs i søking om spelemidlar.

7. Helse, miljø, tryggleik og kvalitetssikring

Ingen merknader.

8. Samfunnstryggleik og beredskap

Ingen merknader.

Teneste 3700 - Ulvik Folkebibliotek

Leiar: Bjørn Finne.

1. Omtale av overordna mål

- Folkebiblioteka har til oppgåve å fremja opplysning, utdanning og anna kulturell verksemd gjennom informasjonsformidling og ved å stilla bøker og anna eigna materiale gratis til disposisjon for alle som bur i landet.
- Biblioteket skal i tilboda sine til born og vaksne leggja vekt på kvalitet, og å vera allsidige og aktuelle.
- Bibliotekverksemda skal vera utadretta.
- Folkebiblioteka er ledd i eit nasjonalt biblioteksystem.
- Alle kommunar skal ha fagutdanna biblioteksjef.
- Det skal vera eit organisert samarbeid mellom folkebiblioteka og dei kommunale skulebiblioteka.

2. Oppnådde resultat i høve til vedtekne mål

- Biblioteket skal dekkja behova til ulike brukargrupper, og arbeider kontinuerleg med å ha ei aktuell samling.
- Folkeblioteket samarbeider med Brakanes skule om skulebiblioteket og om formidling av litteratur til elevane.
- Hardangerkommunane har ferdigstilt nasjonale lånekort, og har no ein attraktiv webportal, hardangerbiblioteka.no. Samarbeidet med dei øvrige biblioteka i regionen er godt og nyttig. Her er mykje å hente i høve kunnskapsutveksling.
- I regi av biblioteket vert det drive ein lesesirkel som har hatt møter om lag ein gong i månaden.

3. Resultat i budsjett/rekneskap

Budsjett: 634 874

Rekneskap: 609 320

Resultat: -27 532

Avviket skuldast i hovudsak noko overskriding på løn.

4. Personale

Biblioteksjef i 100% stilling.

Bibliotekar i 30% stilling

Granvin herad kjøper bibliotekarteneste av Ulvik herad, noko som binder 50% av den samla ressursen opp til Granvin.

5. Sjukefråvêr

1.12 %

6. Kompetanseutvikling

Har delteke på faglege samlingar i regi av Hordaland fylkesbibliotek. Biblioteksjef har også starta studiet ved Høgskolen i Oslo. Våren 2012 sett fylkesbiblioteket i gong eit studie om endringsledelse. Dette deltok Bjørn Finne på fram til slutten av juni. Då dette kom i tillegg til studie i Oslo (fjernstudie) vart det for mykje.

7. Helse, miljø, tryggleik og kvalitetssikring

Har fått på plass førstehjelpsskrin, brannskadeskrin, og brannteppe.

8. Samfunnstryggleik og beredskap

Ingen merknader.

9. Anna aktivitet/tiltak

Utlåns- og besøksstatistikk 2011, i parantes 2010

Bøker for vaksne	1714 (2200)
Bøker for born	799 (1700)
Sum utlån bøker	2513 (3900)
Lydbøker for vaksne	316 (370)
Lydbøker for born	115 (340)
Sum utlån lydbøker	431 (710)
Dvd/video for vaksne	567 (500)
Dvd/video for born	349 (730)
Sum utlån Dvd/video	916 (1230)

Totalt utlån	3860 (5840)
Besøk	2443 (3100)

Det er generelt ein nedgang i utlånet. Det er uvisst kva det skuldast. Biblioteket har endra opningstidene noko, men total opningstid er den same som i fjor. Det er mest nedgang hjå barn og unge. Ein lyt her kanskje finna ei løysing som inneber eit meir utadretta arbeid i høve skuleelevar. Men her er eit oppegåande skulebibliotek i bygda.

Ei prioritert oppgåve i 2012 var å rydda opp i hyllene gjennom å kassera bøker, for å aktualisere hyllene. Det har vore ordna mykje i vaksen skjønnlitteratur, og magasinet er nesten ferdigrydda, men det er tilgjengeleg for lånarane no. Dette tykkjer ein del lånarar er eit godt tilbod, då dei finn att mange klassikarar. Det utgjer likevel ikkje noko på statistikken. Lyrikksamlinga har det vore arbeidd mykje med og den er no tilfredstillande for ei bygd som Ulvik. Dette påverkar heller ikkje statistikken mykje.

I samband med lyrikken vart det gjort eit arbeid for å få på plass ein søknad til nasjonalbiblioteket for å gjere eit kontorlokale om til lyrikkrom. Dette fekk vi ikkje positivt svar på, og dette vert eventuelt noko ein får ta opp igjen ved eit seinare høve. Planar for romløyising vart gjennomført starten av 2013 slik at det er enkelt å ta tak i ved neste korsveg.

Biblioteket var stengt i juli månad 2012 og i romjula grunna ferieavvikling.

Tenesteområde - kultur

Leiar : Espen Eide

1.Omtale av overordna mål

I Kommuneplan for 2009- 2020 står det:

Ulvik herad skal ha eit aktivt og mangfaldig kulturliv med kvalitet og breidde, som fremjar eigenutvikling, fellesskap, trivsel og verdiskaping.

2.Oppnådde resultat i høve til vedtekne mål:

Museum

Heradet sitt engasjement er kanalisert gjennom tilskot til Rallarmuseet Finse og Hardanger og Voss Museum. Tilskotet til Rallarmuseet har fått ein liten auke.

Lokalhistorisk arkiv

Behovet for å samla alle gjenstandar i arkivet og ei permanent plassering av Catharine Kølle utstillinga som heradet har overteke frå Hardanger Folkemuseum er framleis uavklara.

Lokalhistorisk arkiv er ferdig med digitalisering av bygdebok del 2 i eit samarbeid med Nasjonalbiblioteket.

Kulturvernmidlar og kulturminnevern

Det er blitt gjeve tilskot av kulturvernmidlar til 3 nye tiltak dette året, samt at tidlegare tiltak er ferdigstilt. Kulturminneplan som del av kunnskapsløftet frå Riksantikvaren er drøfta med dei andre kommunane i Hardanger. Kvar kommune vil søkja om midlar for å laga sin eigen plan.

Kulturmidlar

Ved tildeling av midlar er tilskot til friviljuge organisasjonar som driv aktivitetar for born og unge blitt prioritert. Ekstra tilskotsmidlar har gjort det mogeleg å gje tilskot til ulike kulturaktivitetar.

Heradet yter også eit tilskot til regionale kulturmidlar som Hardanger Kulturråd disponerar.

Ulvik kommunale kino

Ulvik kino har ikkje klart å oppnå same gode besøket i 2012 som i opningsåret av ny digitalkinoen i 2011. Tal publikum i 2012 er 2271 fordelt på 74 titlar (mot 2810 i 2011). Dette utgjer ein nedgang på ca.23 %. Det er «blockbuster`ane» som står for størstedel av besøket.. Dei 10 best besøkte filmene utgjer nær halvparten av besøket.. Ein har alt merka at nyhetsverdien ved 3D formatet ikkje lenger er så spennande som i starten.

Dei 10 best besøkte filmene:

1. Kon-Tiki 249
2. Lorax - Skogens vokter (2D, norsk tale) 105
3. James Bond: Skyfall 102
4. Reisen til julestjernen 102
5. Istid 4: Kontinenter på avveie (norsk tale 3D) 91
6. Modig 3D (norske stemmer) 65
7. Hobbiten: En uventet reise (3D) 65
8. Pus med støvler (3D, norsk tale) 62
9. Dragertreneren 60
10. Madagaskar 3: Full rulle 59

Samla besøk for Hardangerringen er 6.324 (Eidfjord 1666 og Lofthus 2387).
Den Store Kinodagen og skulefilm vart arrangert i 2012.

Ungdomens kulturmonstring (UKM)

UKM monstringa vart dette året arrangert i Granvin. Ulvik hadde tre innslag med i tevlinga og 2 innslag gjekk vidare til fylkesmonstringa i Bergen. I 2012 er Ulvik arrangør.

Den kulturelle skulesekken (DKS)

DKS plan er ikkje blitt revidert. Det er etablert eit regionalt samarbeidsråd som koordinerar felles tiltak.

Den kulturelle spaserstokken

Heradet fekk ei løyving i 2012 som kan nyttast i 2013 til ulike tiltak i eit samarbeid med Eldrerådet, Pensjonistlaget og Frivilligsentralen.

Idrett

Søknad om spelemidlar til fleirbrukshall og rehabilitering av symjehall er fornya. Det er fleire års ventetid på spelemidlar i Hordaland fylke. Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet er ikkje blitt revidert.

3. Resultat i budsjett/rekneskap

Budsjett: kr.881.000

Rekneskap: kr.928.000

Resultat: - kr.47.000

Rekneskapen syner eit meirforbruk som skuldast ekstra utgifter på kino i samband med vedlikehald av utstyr og straumbrot samt auke i pensjonspremie.

4. Personale

Det er tilsett kultursjef i 50% stilling, arkivar på lokalhistorisk arkiv i 45% stilling, 30% stilling programsjef Ulvik kino – Hardangerringen kinosamkøyring og 3 kinoteknikarar i ca. 7 % stilling kvar, til saman ca 1,5 årsverk.

5. Sjukefråvær

Sjukefråvær er på 0,42 %.

6. Kompetanseutvikling

Ingen særskilte merknader.

7. Helse, miljø, tryggleik og kvalitetssikring

Ingen særskilte merknader.

8. Samfunnstryggleik og beredskap

Ingen særskilte merknader.

9. Konsekvensar for handlingsprogrammet

Ved innføring av digital kino er det kome til mange nye ansvars- og arbeidsområde som krev datafagleg kompetanse. Utstyret må sikrast på same måte som annan kommunal ikt-infrastruktur.

10. Anna aktivitet/tiltak:

17. mai komité

Medlemer vert vald frå dei ulike rodene som heradet er delt inn. I evaluering av arbeidet til komiteen vert det peika ut medlemer til neste års komite.

Kulturprisen

Prisen vart i 2012 tildelt Marit Hjeltnes, Bente Vestrheim og Trine Ludvigsen for etablering av kafeen Drøs.

Hardanger Kulturråd

Ulvik herad har administrert rådet i perioden 2011 og 2012. Det har blitt drøfta om tilskot til rådet bør aukast samt rådet sin formelle status i høve Hardangerrådet. Rådet vil få ein sentral funksjon i samband med Hardanger 2014 og markeringa av 200-årsjubileet for grunnloven.

Ulvik kino

Det står att å investera i utstyr for visning av reklame og konsertar m.m.

Heradshuset

Ein har fått maks tilskot av spelemidlar og siste rest er no blitt utbetalt. Det står framleis att ein del byggt tekniske investeringar på huset for å stetta krava om spelemidlar.

Fleirbrukshallen

Utbygginga er kome med i økonomiplanen. Kultur har ansvar for å fornya søknad om spelemidlar, rådmann har søkt om fornya tiskot frå fylket om Hjeltnes vgs sin del .medan teknisk eining har ansvar for framdrift i planlegginga.

Ulvik Festivalutvikling Ulvik Poesifestival KF

Det kommunale føretaket er ansvarleg arrangør av Ulvik Poesifestival og for teknisk drift av Heradshuset. Sjå eigen årsmelding.

Kommunalt kulturløft

Den 4.mars vart ”NOU 2013: 4 Kulturutredningen 2014” lansert. For å styrkja den ”kulturelle grunnmuren” i åra som kjem, meiner utvalet som står bak utredninga at Kulturløftet 3 må vera eit lokalt kulturløft. Det vil krevja ein auka ressursinnsats frå både stat og kommunar. Dei meiner det bør bli vurdert øyremerking av statlege midlar i ein periode for å sikra at vi får eit kulturløft lokalt.

Årsmelding – teneste: 220

Leiar : Svanhild Dybsland

1. Omtale av overordna mål

Lov om barnehagar /(2005) og Rammeplan for innhaldet i og oppgåvene til barnehagen (2006) sist endra i 2011.

- **Ulvik herad:** Full barnehagedekking heile året, open barnehage heile året og 50% pedagogar
- **Ulvik barnehage:** *Ein plass der alle trives.* Alle blir sett og høyrte, alle får utfordringar og opplever mestring, alle kjenner tryggleik, respekt og likeverd, og alle får vera med på å påverke eigen kvardag (medverknad). Glede og humor pregar kvardagen. Merkevare: *Grøn barnehage*

Satsingsområdet 2012: Kunst, kultur og kreativitet.

Vurderingsområde 2012: Dei vaksne sine arbeidsmåtar innafor kunst, kultur, kreativitet

2. Oppnådde resultat i høve til vedtekne mål:

Me har framleis full barnehagedekking. På våren måtte me ta inn 6 barn under 3 år utover maksimumstalet. Barnehagen fekk kompensert med meir personale, men det er ingen ynskjeleg situasjon å ha 12 småbarn på ei avdeling. Mykje tyder på at me òg må tøyje maksimumsgrensa våren 2013. Personalet ynskjer å redusere tal opptak til maks 4 i året. Det er for å gje pusterom for barn og personale og hjelp for styrar til å planleggja grupper og personale. I dag er det nesten ingen som søkjar innan fristen 1.mars, då dei veit at dei kan få plass mest på dagen.

Når det gjeld barnehagen sitt mål om ein plass der alle trives, er den vanskeleg å måle når det gjeld borna. Det me kan seia er at personalet gjer så godt dei kan. Me prøvar å vera lydhøyre overfor borna, gje god tid til leik og hjelpe og støtte barn som treng det. Tilbakemeldinga frå foreldra er at dei fleste borna trivst svært godt, og observasjonar syner at alle borna har nokon å leika med. Me har fokus på mobbing og likestilling, og i den samanheng har me i verksemdsplanen lagt inn handlingsplanar for korleis me vil arbeide med dette for å oppdage og reparere. Til tross for høgt sjukefråvær er tilbakemeldinga at personalet trivst, men me har nok eit betringspotensiale også her. Arbeidsmiljø må me jobbe med kontinuerleg.

3. Resultat i budsjett/rekneskap

Overforbruk på kr. -157.881. Dette skuldast meirutgifter på pensjon som var på -158.000. Elles hadde me overforbruk på sjukevikarar. Overforbruket, og meir enn det, fekk me tilbake frå NAV. Me brukte også meir på fastløn, då me ikkje fekk full kompensasjon for lønsoppgjeret. (fordelt ei jamn prosent på alle avdelingar). Grunnen til at underskotet ikkje vart større skuldast meirinntekter og mindre forbruk på enkeltpostar. Eg har sett på SSB sine tal dei siste 4 åra og samanlikna med Granvin og Eidfjord. Det gjeld heradet sine netto utgifter pr innbygger 1-5år i barnehagar. Grunnen til den store endringa dei siste 2 åra er at tilskotet til barnehagar ikkje lengre var øyremerka, men lagt i heradet sin ramme:

Årstal	Granvin	Ulvik	Eidfjord
2012	143.794	145.792	233.000
2011	122.846	124.873	191.000
2010	25.972	57.143	75.356
2009	16.318	39.784	88.120



Forskjellen mellom Granvin og Ulvik er kraftig redusert dei siste åra. Kr 2000,- meir per barn er ikkje meir enn ein kan forventa når ein samanliknar kommunane sin økonomi. Dersom me tek unna dei 90.000 kronene barnehagen fekk for å ruste opp uteområdet, ville driftskostnadane per barn vore identisk med Granvin. SSB sine tal syner at det er færre barn som nyttar barnehagen i Ulvik enn i nabokommunane. Det er ikkje fordi me ikkje har hatt plass, men eit val foreldra har gjort.

4. Personale

Barnehagen har 50 % pedagogar. Ein førskulelærer gjekk ut i fødselspermisjon i oktober. Me fekk ingen søkjarar med førskulelærerutdanning til vikariatet. Det er difor tilsett ein assistent. Me har stort sett klart å skaffe nok vikarar når det har vore behov for det, men det har til tider vore problematisk for barn og personale når dei i lengre sjukefråvær får mange ulike vikarar. Barnehagen har eit stabilt fast personale. Alle er kvinner og gjennomsnittsalderen er 50,6 år. Barnehagens utfordring vert å få inn menn og yngre arbeidstakarar.

5. Sjukefråvær

Sjukefråværet var rekordhøgt i 2012. Me låg høgast i kommunen med 13 %. Det skuldast hovudsakleg lengre sjukemeldingar. Stort fråvær gir større arbeidspress på dei som er igjen, og styrar opplever at store delar av arbeidsdagen går med til å skaffe vikarar.

6. Kompetanseutvikling

Barnehagen har 2 regionale planleggingsdagar i året. Dei nyttar me som oftast til kurs for heile personalet. I mars var alle på kurs om leik, vennskap og sosial kompetanse «**Gjer plass for leiken og gje alle ein plass**». I november var det kurs om «**språkstimulering – innhald, form og bruk**». Begge tema er satsingsområde frå sentrale myndigheitar. Elles har styrar vore på fylkesmannen sitt informasjonsmøte om likestilling og likeverd, 2 førskulelærarar var på konferanse i Oslo om leiken og ein førskulelærer tok 30 studiepoeng i «**IKT i barnehagen**». 2 førskulelærarar fekk opplæring i «**Karlstadmodellen**», eit opplegg for barn med språkvanskar, og ein førskulelærer fekk opplæring i språkstimuleringopplegget, «**Bravo**»



7. Helse, miljø, tryggleik og kvalitetssikring

Barnehagen har verneombod som har fått den nødvendige opplæringa. Me skal ha personalmøte ein dag i månaden og avdelingsmøte kvar 14. dag. Avdelingsleiarmøte og avdelingsmøta har ofte blitt avlyst på grunn av fråvær. Styrar har kvart år medarbeidersamtalar med alle tilsette. Dette vart ikkje gjennomført i 2012 pga. stort sjukefråvær. Samtalane vart difor utsett til våren 2013.

Styrar fekk nytt hev-senk skrivebord og avdeling Askeladden fekk ny garderobe, m.a. for å lette arbeidet for

reinholdspersonalet. Det vart også kjøpt inn ei vogn til å frakte varer i for å unngå tunge lyft. Heilt nødvendig, då dei fleste varene vert levert utanfor porten. Barnehagen har jobba for å få til faste besøk av **vaktmeister**. Det har me ikkje lukkast med. Grunngeving: Vaktmeisteren har for mange bygg han har ansvar for. Dette *må* me få ei ordning på i 2013.

Personalet har også hatt mykje problem med data og skrivar kopla til dei ulike avdelingane. Me merkar at vår einaste IKT-ansvarlege har altfor mykje å gjera. Det er frustrerende og vanskeleg for personalet å drive med **IKT** når utstyret ikkje verkar som det skal.

Barnehagen er med på «**Fiskesprell**», eit opplegg som skal sikre mindre sukker og meir fisk, frukt og grønt til borna.

For å få borna til å eta meir frukt og grønt hadde me 2 månaders **prøveperiode utan yoghurt** på dei største avdelingane. Nokre foreldre var skeptiske, då dei meinte at borna ville vera skrubbsviltne når dei kom heim. Dei skulle melde frå om dei merka dette, slik at me kunne finne gode alternativ. Dei merknadane som har kome til barnehagen har vore positive: Borna et meir frukt og dei et meir middag når dei kjem heim. Me har ikkje hatt skriftleg evaluering på ordninga. Det *må* me ha i 2013. Ingen foreldre har kome med yoghurt sidan prøveordninga starta. Ordninga var for barn 3-6 år.

Frisk luft og fysisk aktivitet er viktig. Difor er borna ute kvar dag. Ein dag i veka skal vera utanfor barnehagen sitt område når det er praktisk mogeleg. Når det gjeld turar og leik i skog og mark har me eit betringspotensiale. Me nyttar kjellaren på Lekve skule til «**gymsal**». Det er særleg småbarnsavdelingane som nyttar denne, då dei ofte har vanskar me å røre seg ute vinterstid. Barnehagen fekk nye leikeapparat (**hinderløype**) i eplehagen. Borna fylgde nøye med når teknisk jobba med oppsetjing av apparata og det vart stor glede då dei fekk prøve alt det nye.

Barnehagen har «**grønt flagg**», noko som forpliktar oss til å tenkja miljø i alt me gjer og samstundes spreie budskapet til foreldre og lokalsamfunn. Dette blir fylgt opp med miljøtips i månadsskriv til foreldra.

Avdelingane har behov for å fornye inventar og utstyr inne. Det vart ikkje pengar til det i 2012 då 3 oppvaskmaskinar heilt uførutsett måtte fornyast.



Pedagogisk opplegg. Satsingsområdet i 2012 var «**kreative barn i barnehagen**».

Kreativitet vert definert som *evna til å sjå ting, idear og problem på ein ny måte, skape nye løysingar på gamle problem eller vera heilt nyskapande*. Me har prøvd å unngå halvfabrikata og modellar og gjeve borna leikemateriell som kan nyttast på ulike måtar. Her har me som miljøbarnehage vore flinke til å nytta tomme esker, kartongar og ting som vanlegvis vert sett på som avfall, til leik og forming. Borna har vore med på å lage forteljingar og fått meir tid til å fordjupa seg i leik og eksperimentering. I 2012 har me

fordjupa oss meir i drama og teater. Januar og februar er eventyrmånader i barnehagen. Då jobba me mykje med bordspel, ein ny måte å dramatisere ei forteljing på. Under **Poesifestivalen** var barnehagen med for fyrste gong som aktørar. Då hadde me utstilling og dramatisering av boka «Larven aldri mett». Det å jobbe med prosjekt, der ein kan flette inn mange fagområder, er ein spennande måte å jobbe på. Det aukar barns høve til medverknad, nysgjerrigheit, eksperimentering og utforsking.

8. Samfunnstryggleik og beredskap

Barnehagen oppdaterte sin handlingsplan for handtering av ulukker og alvorleg sjukdom. Andre beredskapsplanar er:

- Når eit barn forsvinn frå barnehagen
- Korleis barnehagen møter ein eventuell pandemi
- Vald og seksuelle overgrep mot barn

9. Konsekvensar for handlingsprogrammet

- Ny barnehage med samlingsrom for fysisk aktivitet og foreldremøter i kjellar samt vognrom og lagerrom må få høg prioritet.
- Drenering av leikeområdet i tunet.
- Ulvik treng fleire med IKT-kompetanse. Skal me jobbe med IKT slik rammeplanen pålegg oss, er det nødvendig med fagleg og teknisk hjelp samt utstyr som verkar til ein kvar tid.
- Fornying av inventar og utstyr på dei ulike avdelingane
- Ergonomiske stolar til kvar avdeling. Mange med dårlege ryggar og bein.

10. Anna aktivitet/tiltak:

Folkehelsedagen som vart arrangert for skule og barnehage var svært vellukka. Diverre var det ikkje så mange foreldre frå barnehagen som møtte. Helsesyster, rektor og styrar er med i psykisk helseteam for barn og ungdom og har hatt møte ein gong i månaden.

Årsmelding – kap 230, Undervisning, år 2012:

Ansvarsområdet undervisning kap 230 har desse tenesteområda;
2020 Grunnskuleundervisning,
2021 PP-teneste,
2131 Vaksenopplæring framandspråklege,
2150 Skulefritidsundervisning, (SFO)
2221 Skyss til/frå skule og
3830 Kulturskule.

Leiing av kap 230:

Einingsleiar for kap 230 er og rektor for grunnskule, Thor Erling Larsen

Det er tilsett SFO-leiar og Kulturskulerektor.

0,2 stilling som pedagogisk konsulent (kommunal skulefagleg ansvarleg) er plassert i stab hjå rådmannen, men han er i resten av stillingen sin knytt til skulen som assisterande rektor.

Vaksenopplæringa har ikkje eigen leiar, men ligg direkte under einingsleiar.

Rekneskapsmessig er det eit godt resultat for ansvarsområdet 230, med eit samla mindreforbruk på ca kr. 65.000,-

Hovudtala for ansvarsområde 230:

Budsjett: 18.123.000

Rekneskap: 18.046.000

Resultat: + 77.000

Budsjettramma er dermed brukt, med ein margin på -0,4%, som må seiast å vera klart innanfor akseptabelt avvik, og området leverer relativt gode tenester.

Einingsleiar vil for ordens skule visa til Årsmeldinga for 2011, som er noko meir beskrivande i høve til tenestetilbodet og innhaldet enn 2012-årsmeldinga er, og seia at det meste frå 2011 er gyldig også i 2012.

Viser og til Tilstandsrapporten 2012 frå skulen, som vart gjennomgått på Finse i september 2012, og til eininga sine innspel til økonomiplan 2013-17 og årsbudsjett 2013, og til rapporten etter den eksterne skulebaserte vurderinga frå hausten 2012, som alle inneheld mykje og relevant informasjon om kap 230.

For dei ulike tenesteområda ser det slik ut:

Teneste 2020 Grunnskuleundervisning

Leiar : rektor/einingsleiar Thor Erling Larsen.

1. Omtale av overordna mål

Grunnskuleundervisninga skal vera tilpassa evner og føresetnader til den einskilde eleven. Elevane skal arbeida i eit skulemiljø fritt for krenkande åtferd og mobbing. Hovudsatsingsområde i verksemdsplanen har i 2012 vore knytt til klasseleiing og systematisk leseopplæring/lese- og læringsstrategiar.

2. Oppnådde resultat i høve til vedtekne mål:

Skulen leverte og gjekk gjennom tilstandsrapporten 2012 til heradsstyret i møtet på Finse 12.sept 2012. Tilstandsrapporten inneheld viktige tal, m.a. frå elev-, foreldre-,

og lærarundersøkinga som var gjennomført våren 2012, og som m.a. konkluderte med at Brakanes skule er ein god og velfungerande skule, med høg trivsel, gode faglege resultat og lite mobbing. Talgrunnlaget må me hugsa på er lite, men resultatet samsvarer godt med den vurderinga skulen sjølv gjer gjennom året. Konklusjonen etter ekstern skulebasert vurdering er og at Brakanes skule leverer tenester på eit svært tilfredsstillande nivå. Interne trivselsundersøkingar avslører høg grad av trivsel, men og ein del uønskt åtferd som det vert jobba med i etterkant.

3. Resultat i budsjett/rekneskap

Budsjett: 15.930.000

Rekneskap: 15.827.000

Resultat: + 103.000

Mindreforbruket er på - 0,6% og ligg klart innanfor akseptabelt avvik.

Kostratal som det er bedt om kommentar på:

Kostratala viser at Ulvik har liten gjennomsnittleg gruppestorleik pga lågt elevtal.

Når det i Kostra vert gjort samanlikningar på individnivå, dvs ein fordeler kostnader på antal elevar ein har, så er det ein av to måtar å skape samanliknbare tal på.

Eg minner om at elevar svært sjeldan vert undervist åleine, men i klassar/grupper, og då burde samanlikningsgrunnlaget også vera utgifter for å drifte ein klasse/gruppe og ikkje ein elev. Einingane vi arbeider med i skulen er framleis klassar og grupper, og vi må ha ein klasse anten elevtalet i denne klassen er 8 eller 16. Difor har eg teke med ei rad som viser dei mest interessante og relevante tala mellom kommunane; nemlig kva Kostra meiner det kostar å drive ein klasse på ungdomstrinnet i kvar kommune.

Og då er det verdt å leggje merke til kva tal Ulvik kjem opp med. Vi er den nest mest kostnadseffektive kommunen. Berre Jondal greier å drive ein klasse billegare enn oss, anten vi nyttar kostra sine tal for brutto eller netto driftsutgifter pr klasse.

(Tala pr kasse kjem fram ved at ein tek Kostratalet for utgifter pr elev og gangar med antal elevar i ein klasse, slik Kostra viser det.)

Ulvik har slett ikkje har ein dyr skule. Det kjem berre an på korleis ein skal bryta ned rekneskapstala for å vurdere/samanlikna kostnadene. Eg er heilt klar på at kostnader må knytast til klassar og ikkje enkeltelevar. Så får det heller bli ei utfordring å fylla opp klassane, slik at også kostnader pr elev kan bli lågare. For det kostar ein god grunnsom å drifte ein klasse uansett.

Kostratal 2012 (1000 kr)	Ulvik	Gruppe 06	Jondal	Granvin	Eidfjord	Horda- land	Landet u/Oslo	Landet totalt
Gjennomsnittleg klasse eller gruppestorleik 8.-10.-klasse	7,4	9,1	9,5	9,1	7,6	14,9	14,6	14,7
Netto driftsutgifter til grunnskolesektor (202, 214, 215, 222, 223) pr innbyggjer 6-15 år	171'	150'	121'	146'	199'	96'	96'	97'

Kostratal 2012 (1000 kr)	Ulvik	Gruppe 06	Jondal	Granvin	Eidfjord	Horda- land	Landet u/Oslo	Landet totalt
Netto drifts- utgifter til grunnskole- sektor (202, 214, 215, 222, 223) <u>pr klasse i 8.- 10.-årstrinn</u>	<u>1.266'</u>	<u>1.369'</u>	<u>1.149'</u>	<u>1.331'</u>	<u>1.516'</u>	<u>1.431'</u>	<u>1.406'</u>	<u>1.434'</u>
Gjennomsnittleg gruppestorleik 8.-10.-klasse, kostratal.	7,4	9,1	9,5	9,1	7,6	14,9	14,6	14,7
Korrigerte brutto driftsutgifter til grunnskole (202, 214, 222, 223) <u>pr elev</u>	162'	150'	133'	146'	180'	98'	97'	96'
Korrigerte brutto drifts- utgifter til grunnskole (202, 214, 222, 223) <u>pr klasse i 8.- 10.-årstrinn</u>	<u>1.196'</u>	<u>1.363'</u>	<u>1.265'</u>	<u>1.331'</u>	<u>1.370'</u>	<u>1.465'</u>	<u>1.418'</u>	<u>1.408'</u>
Andel % elevar i grunnskulen som får spes undervisning	7,4	11,6	18,0	12,1	11,9	8,2	8,6	8,5

Ein annan ting ein kan merke seg er den låge %-andelen elevar som får spesialundervisning i Ulvik, samanlikna med alle andre. Det meiner me skuldast god tilpassa opplæring i små klassegrupper som gjev rom for akkurat dette; tilpassa opplæring.

4. Personale

I grunnskulen vert det som regel gjort stillingsjusteringar pr 1/8, m.a. ut frå klasesituasjonen ved skulestart, behovet for ressursar til tilpassa opplæring, spesialundervisning, assistentar, opplæring for framandspråklege og deling av klassar i fag med særlege krav til tryggleik og romkapasitet (symjing, mat og helse, og kunst og handverk). Tala er pr 1/8-2012.

Til grunnskuleundervisning: 18,9 årsverk fordelt på 24 pedagogar i 10-100% stilling.

Til leing: 1,6 årsverk fordelt på oppgåver knytt til einingsleiar/rektor, ass. rektor.

Til fagarbeidarar/assistentar/kantine i skule: 2,6 årsverk fordelt på 4 fagarbeidarar.

Til merkantile føremål: 0,37 stilling for sekretær (og 1 stilling til fagarbeidar data – med ekstern delfinansiering.)

Til teknisk og pedagogisk drift av IKT: 0,4 årsverk fordelt på 2 tilsette.

Til saman vert det for grunnskule 24,9 årsverk fordelt på 32 tilsette.

5. Sjukefråvær

Grunnskulen hadde i 2012 4,48% fråvære, av dette er 1,91% korttids og 2,57% langtids. Det er ikkje grunn til bekymring over fråværstala, sjølv om det er ein liten auke frå 2011 på korttidsfråvære (hhv 6,11%, 1,34%, 4,79%). (Korttidsfråværet er enno svært lågt, og kan m.a. tyda på at det er høg arbeidsmoral og/eller god trivsel på arbeidsplassen.)

Eininga 230 samla sine tal er 4,38%, fordelt på 2,01% korttids og 2,38% langtids.

6. Kompetanseutvikling

Personalet har delteke på interkommunale kurs, eksterne fagkurs, internopplæring innanfor sine fagområde. Det er m.a. gjennomført kurs knytt til kompetanseløftet, (særleg knytt til læringsstrategiar, lesing og klasseleiing), psykisk helse (Hardangerprosjektet – avslutta våren 12), IKT, elektroniske tavler (smartboard), bruk av administrativ dataprogramvare (OppAD). Personalet ved skulen har også kursa gjester om STL (Leseopplæringa i småskulen; Skriv deg Til Lesing som ser ut til å gje gode resultat). Ein tilsett har fått vidareutdanning i norsk og ein i matematikk, 30 studiepoeng. Lærarane på ungdomssteget er kursa i metodikken knytt til NyGIV-satsinga.

Det vart gjennomført ekstern skulebasert vurdering hausten 2012, i tråd med sentrale forskrifter og i regi av Hardanger og Voss Kompetanseregion. Rapporten konkluderte med at Brakanes skule har eit kompetent personale som driv klasseleiing på eit fagleg godt nivå. Både foreldre, elevar og tilsette deltok i vurderinga.

7. Helse, miljø, tryggleik og kvalitetssikring

Arbeid med skulemiljø og trivselstiltak er gjennomført, fokus på klasseleiing, signering av mobbemanifestet i lag med ordføraren, kursing av trivselsleiarar som aktiviserer medelevar i friminuttar som del av tiltaka mot mobbing, gjennomføring av musikalen "Jakta på sjølvkjensla" i mellomsteget.

Vernerunde er gjennomført. Rapporten konkluderte med nokre obs-punkt og merknader. Oppfylging er gjort. Ikkje alle merknader knytt til bygg er utbetra. Brannøvingar er tilfredsstillande gjennomførte, og manglar er stort sett utbetra. Det siste kritiske punktet er no at rømningsvegen ut frå formingsrommet er ein betongrampe som endar i eit gjerde – og ingen forankring mot terreng. Rørslehemma er ikkje sikra med denne løysinga.

Medarbeidarsamtalar vart gjennomført for om lag 80% av dei tilsette i 2012, men alle hadde tilbod om samtale.

Me avventar enno kommunelegen sin konklusjon i høve til radonmålingane frå 2011.

Skulen er godt vedlikehalden. Reinhold og vaktmeisterteneste har høg kvalitet.

Noko vanskar med varme og ventilasjon i 2012.

8. Samfunnstryggleik og beredskap

Skulen v/leiar deltek i dei beredskapsøvingane, planleggingsmøta og tverretatlege drøftingane som vert gjennomført i kommunal kriseleiing sin regi. Det har m.a. vore fokus på evt ulukke med skulebuss. Det er ikkje utarbeidd eigen kriseplan for kriser av typen 22.juli, dvs situasjonar knytt til våpen og trugsmål.

9. Konsekvensar for handlingsprogrammet

Skulen sine innspel til Handlingsprogram, eller langtidsbudsjett inneheldt ein del viktige punkt som ikkje fekk gjennomslag. Det har igjen fått som konsekvens at aktivitetsjustering må dekkast innan eksisterande rammer, og dermed svekka dei delane av tenestene som må reduserast. Det gjeld i hovudsak midlar til gruppedeling, pedagogisk styrking og spesialundervisning. I 2012 har me justert opp timetalet til norskopplæring for framandspråklege. (Det må aukast vidare opp i 2013, ut frå tilflytting som skjer.)

NyGIV-satsinga på ungdomstrinnet hentar timar frå annan styrking, medan det burde vore tilført friske midlar. Innføring av valfag har også trekt midlar ut av den vanlege undervisninga. Det er gjort ein del investering for å tilretteleggja uteområdet betre, og arbeidet er forventa ferdig våren 2013. Skulen fekk ei tilleggsløyving til dette på 200' kr i juni 2012

10. Anna aktivitet/tiltak:

Grunnskulen samarbeider godt med foreldre og med dei andre kommunale etatane. Det vart hausten 2012 gjennomført ein vellukka "Folkehelsedag", skipa til av ei tverretatleg arbeidsgruppe, og med elevar og foreldre som målgruppe. Den nye folkehelsekoordinatoren vil vidrareføra dette opplegget i 2013.

Brakanes skule hadde 8.-9.-klasse med på Poesifestivalen i 2012. Det er gjennomført forskingsprosjekt på ungdom sine lesevanar, 10.-klasse. Ungdomsskulen har vitja Hardangerbrua, med fokus på korleis realfag (matte og naturfag) vert nytta i praksis. Det vart skrive skuleavis i 6.-klasse (også m.a. om Hardangerbrua).

Brakanes skule gjennomfører sine obligatoriske ekskursjonar og leirskuleopphald. Våren 2012 sende me eit varsel til kommunen om at Bagnstrond, både hus, kai og brønn, er i så klart forfall at noko må skje. FAU var klare på at borna ikkje kunne reisa dit ut att før sikkerheita var betra. 2013 vert dermed første året på lenge Bagnstrond - leirskulen for 7.-klasse ikkje vert gjennomført. Me vonar me kjem i gang att i 2014.

Teneste 2021 PP-teneste

Leiar : PPT-leiar Berit Lid Sekse. Ansvarleg for Ulvik sitt tenesteuttak: Thor Erling Larsen

1. Omtale av overordna mål:

PPT (Pedagogisk Psykologisk Teneste) er ei hjelpeteneste som kommunen kjøper gjennom interkommunalt PPT-kontor på Voss, for å kunne kartleggja kva type hjelp einskilde elevar treng. Dei gjev og faglege råd, rettleiing og bidreg til kompetanseheving i personalet og ut mot foreldre.

2. Oppnådde resultat i høve til vedtekne mål:

Brakanes skule får dei tenestene det er trong for, med unntak av logopedteneste hausten 2012. Logopedi er eit område det ser ut til å vera uråd å skaffa vikar til. Ventelistene hjå PPT elles er reduserte dei siste åra. Elevar som får spesialundervisning får det fordi dei treng det, og det er god aksept i skulen og mellom foreldra for ei slik teneste.

3. Resultat i budsjett/rekneskap

Budsjett: 368.000

Rekneskap: 333.000

Resultat: + 35.000

Mindreforbruket er på – 9%, som m.a. skuldast manglande logopeditenester hausten 2012.

4. **Personale**
PPT har kompetent personale i alle sine fagstillinger.
5. **(Sjukefråvær**
6. **Kompetanseutvikling**
7. **Helse, miljø, tryggleik og kvalitetssikring**
8. **Samfunnstryggleik og beredskap**
9. **Konsekvensar for handlingsprogrammet**
10. **Anna aktivitet/tiltak:) ikkje relevant for tenesta.**

Teneste 2131 Vaksenopplæring

Leiar : Thor Erling Larsen

1. **Omtale av overordna mål:**

Vaksenopplæringa skal gje tilflytte framandspråklege grunnleggjande norskkompetanse. Opplæringa har to målgrupper; dei som kjem og har både rett og plikt til opplæring, og dei som kjem utan plikt og dermed utan rett. Vaksenopplæringa gjev tilbod til begge gruppene.

2. **Oppnådde resultat i høve til vedtekne mål:**

Vaksenopplæringa tek utgangspunkt i rett og plikt, og arbeider med å leggja opplæringa opp slik at også flest mogeleg av dei andre kan delta. Det er tilbod om inntil 9 timar pr veke, og det er litt lite i høve til å få til intensiv opplæring, men det samsvarer med den opplæringskapasiteten dei fleste har. Resultata er slika at elevane relativt raskt når opp og består Norskprøve 1, men brukar noko lenge tid for å bestå Norskprøve 2.

3. **Resultat i budsjett/rekneskap**

Budsjett: 326.000
 Rekneskap: 410.000
 Resultat: - 84.000

Meirforbruket er på ca 84.000, der 60.000 skuldast eit noko lågare tilskot enn budsjettet i kombinasjon med noko høgare aktivitet/behov enn medrekna i budsjettet.

4. **Personale**

Det er 0,7 årsverk knytt til tenesta, 1 tilsett, i kombinasjon med delstilling i skulen.

5. **Sjukefråvær**

Sjukefråværet er lagt inn sin del av skulen sitt.

6. **Kompetanseutvikling**

Lærer i norsk for framandspråklege har vore på kurs i sitt fagområde, og ho tek etterutdanning. I tillegg fungerer ho som sensor ved norskprøvene i andre kommunar, noko som i seg sjølv er lærerikt og inspirerande.

7. **Helse, miljø, tryggleik og kvalitetssikring**

8. **Samfunnstryggleik og beredskap**

9. **Konsekvensar for handlingsprogrammet:**

Det er i langtidsbudsjettet varsla at Ulvik herad må rekne med auka utgifter til norskopplæring i takt med ønskt og nødvendig arbeidsinnvandring.

10. **Anna aktivitet/tiltak:**

Teneste 2150 Skulefritidsundervisning, SFO

Leiar : Dagleg leiar Wencke Opedal, Einingsleiar Thor Erling Larsen

1. Omtale av overordna mål

Skulefritidsordninga er eit omsorgs- og aktivitetstilbod utanom den obligatoriske skuletida. Tilbodet er for elevar i 1. - 4. klasse og for elevar med særskild trong (funksjonshemma born) i 1.-7. klasse. Innhald og aktivitetar skal leggja til rette for **leik, fritids- og kulturaktivitetar og leggja vekt på å gje borna natur- og kulturopplevingar i nærmiljøet**. Kulturskulen skal vera viktig samarbeidspartnar. SFO skal drivast i **samsvar med skulen si målsetjing**.

2. Oppnådde resultat i høve til vedtekne mål:

SFO leverer eit tenestetilbod godt i samsvar med dei behov foreldre har for trygg avlasting i ein travel kvardag. Brukartilpassinga er god. Tilbakemeldingane tyder på at tilbodet har god kvalitet, aktivitetane er varierte og stimulerande.

3. Resultat i budsjett/rekneskap

Budsjett: 326.000

Rekneskap: 410.000

Resultat: - 84.000

Meirforbruket kjem i hovudsak av at SFO no er betre brukartilpassa enn før, men elevtala ligg slik at det medfører noko reell ledig kapasitet i høve til bemanninga. Normen er 12 barn pr tilsett – og ein må justera noko når me har mange med særlege behov for å halda tenesta på eit tfredsstillande nivå for alle. Difor vert kostnadene noko høgare enn dei kunne vore dersom me hadde hatt max tal betalande born i avdelinga.

4. Personale

I SFO er det tilsett dagleg leiar i 0,65 årsverk (av dette er 20% tid til leiaroppgåver/administrasjon), og det jobbar 4 fagarbeidarar som samla deler 0,81 årsverk, frå 8 til 32% på kvar)

Samla bemanning på SFO er dermed 5 tilsette som deler 1,46 stilling.

5. Sjukefråvær

SFO har 5,07% fråvære i 2012. Alt er korttidsfråvære. I 2011 var tala 6,09% fråvære, fordelt på 2,73% korttids- og 3,36% langtidsfråvære. Auka korttidsfråvære er mykje knytt til større utbrot av luftvegs- og mageinfeksjonar, der SFO er særleg utsette for smitte.

6. Kompetanseutvikling

SFO-leiar har delteke på SFO-konferansen 2012. (For 2013 er det planlagt at heile SFO-personalet skal få denne konferansen som si felles kompetanseheving.)

7. Helse, miljø, tryggleik og kvalitetssikring

Det er få rapporterte uhell/ulukker i SFO. Det vesle som er, kjem av vanleg aktivitet – av og til litt uvøren leik. Men risikoen er akseptabel og dei tilsette opplever å ha god oversikt og kontroll. Elles viser ein til det som vart sagt under teneste 2020.

8. Samfunnstryggleik og beredskap

Viser til teneste 2020.

9. Konsekvensar for handlingsprogrammet

Det er i langtidsbudsjettet ikkje varsla store kostnadskrevjande tiltak. SFO er dynamisk tilpassa brukarbehovet, og dermed noko sårbart i høve til tilsette som kan oppleve at stillingsstorleikar vert justerte meir eller mindre årleg. Dette kan gjera det noko uføreseieleg, og arbeidsgjevar er merksam på mogelege konsekvensar av dette, som risiko for slitasje, jobbskifte. Ein bør auka innkjøp av aktivitetsmateriell noko

10. Anna aktivitet/tiltak:

Koplinga SFO og gratis leksetid har i 2012 fungert litt ulikt for elevar på ulikt alderstrinn. Røynsla til både skule og SFO er at det fungerer best i 3.-4.-klasse, medan 1.-2.-klassingane har meir behov for å leika etter 5 timar på skulen, enn å gå rett i gang med leksene.

Teneste 2221 Skuleskyss, vanleg

Leiar: Ansvar for å levere tenester; Skyss/Tide/drosje. Ansvar i skule; Thor Erling Larsen

Budsjett: 315.000

Rekneskap: 280.000

Resultat: + 35.000

Mindreforbruket kjem av at noko skuleskyss er lagt inn i teneste 2020 Grunnskuleopplæring. Det gjeld skyss til ekskursjonar og besøk vidaregåande skule – som eigentleg er å rekna som vanleg skyss til aktivitetar som vert definerte som del av vanleg opplæring.

9. Konsekvensar for handlingsprogrammet

I langtidsbudsjettet er det varsla at skulen må innføra ein Innføring av ein ekstra time i ungdomssteget dei komande åra. Dette har ikkje slått inn i 2012, men i 2013 kjem dette som ein meirkostnad. Alle elevar har til no slutta etter 6.time. Når ungdomssteget skal ha 7.time, må det vera skyss etter den timen og.

Teneste 3030 Kulturskule

Leiar; Kulturskulerektor Erlend Styve. Einingsleiar Thor Erling Larsen.

1. Omtale av overordna mål

Den enkelte elev får utvikla sine musikalske/kunstnarlege evner og anlegg.

Det vert lagt grunnlag for eit rikt musikk og kunstmiljø i heradet.

Lokal kunst og musikktradisjon vert vidareført.

Alle som ynskjer det skal få eit tilbod i kulturskulen.

2. Oppnådde resultat i høve til vedtekne mål:

Kulturskulen leverer tenester i det omfang og med den kvalitet heradet ynskjer.

Kvaliteten viser seg ved dei årlege konsertane og utstillingane, som får god mottaking og mykje ros. Det er ein viktig kvalitet at alle får plass, også på framsyningane.

3. Resultat i budsjett/rekneskap

Budsjett: 1.215.000
Rekneskap: 1.232.000
Resultat: - 17.000

Meirforbruket er på 1,3%, godt innafor akseptable avviksgrenser. I hovudsak skuldast det mindre inntekter i form av brukarbetaling.

4. Personale

I kulturskulen er det frå 1/8 tilsett kulturskulerektor i 0,8 stilling (herav 25% tid til leiing/administrasjon).

Til opplæring elles er det tilsett i Ulvik Herad 3 lærarar. Alle tre er og knytt til grunnskuleopplæring. I tillegg kjøper heradet tenester frå Eidfjord og Ullensvang, 3 tilsette. Kulturskulen har tilbod om song, piano, slagverk, samspel, lys/lys, hardingfele, dans, messingblås, skulemusikk, teikning, drama, gitar og bass. Samla har kulturskulen om lag 2,5 årsverk fordelt på 8 instruktørar, inkl. rektor.

5. Sjukefråvær

Kulturskulen har tradisjonelt lågt sjukefråvære. I 2012 var fråværet totalt på 0,4%, alt som korttidsfråvære. I 2011 var fråværet 0,0%.

6. Kompetanseutvikling

Kulturskulen har 2-dagars personalkurs i Eidfjord i september kvart år, for fagleg påfyll.

7. Helse, miljø, tryggleik og kvalitetssikring

Her viser ein til teneste 2020, grunnskule.

8. Samfunnstryggleik og beredskap

Her viser ein til teneste 2020, grunnskule.

9. Konsekvensar for handlingsprogrammet

Kulturskulen varsla i langtidsbudsjettet at reduksjonen av kulturskulerektor si tid til å leia arbeidet må tilbake til 35% i løpet av eit par år. Reduksjonen frå 35 til 20% som vart gjort som akuttiltak i 2009-2010, gjer at forholdet mellom oppgåver og tid til å gjer desse er blitt feil. Og det vil ein tilsett merka som slitasje.

Kulturskulebudsjettet bør ha ein større buffer i høve til å starta tilbod som ligg i ytterkanten av kva som er tradisjonell kulturskuleverksemd, kanskje inn mot det som tradisjonelt er definert som uorganisert aktivitet, for å bidra også til desse behova får heva kvalitet og endra status.

10. Anna aktivitet/tiltak:

Kulturskulen har 74 elevar som kjøper 119 elevplassar. Kulturskulen har eit regionalt samarbeid med 9 andre kulturskular. (Dei drøftar m.a. korleis dei kan bidra til festen ved bruopninga august -13!) Kulturskulen er aktive i arbeidet med Ungdommens KulturMønstring, UKM, og på barnas festspeldag i Bergen i mai.

Kulturskulen har lånt ut utstyr til band-øving. Dette står i Ameron sine lokale.

I 2012 arbeidde kulturskule og skule tett saman om musikalen "Jakten på sjølvkjensla" for 5.-7.-klasse.

Oppsummering kap 230:

Som einingsleiar er eg stolt over å kunne presentera ei årsmelding som avspeglar nok eit godt arbeidsår. Eininga har mange viktige oppgåver, og eit personale som kvar dag arbeider hardt og målretta for å bidra til å utvikla kvar elev til - seg sjølv.

Dette krev også tett og godt samarbeid med heimane, og at heimane samarbeider godt seg imellom. Her ser me ei god utvikling dei siste åra, og arbeider vidare for å styrkja Ulvik som ein god stad å veksa opp – og koma heim att til.

Det er vidare eit godt tverretatleg samarbeid i heradet, og me får på skulen god hjelp og service både frå teknisk, helse og sosial, økonomi, barnehage, skulehelseteneste og sentraladministrasjonen.

For vidare utvikling er det likevel viktig å peika på at kvalitet kostar, og at det kan verta ei utfordring å rekruttera dyktige fagfolk inn i ledige stillingar. Å leggja til rette for gode arbeidstilhøve, etterutdanning og inkluderande nettverk er difor gull verdt.

Dersom det har breidd seg ein tanke om at Brakanes skule er dyr i drift, samanlikna med andre kommunar i nærleiken, vonar eg kostratala pr klasse no klart tilbakeviser det. Tvert imot ligg Ulvik lågt i utgifter pr klasse. Og det er klassar me driftar, ikkje einskildelevar.

Ressursane har over tid blitt pressa ned, og det burde no vera tid for å få til ein forbetring att, både administrativt og pedagogisk, kanskje særleg i høve til elevar med behov for særskilt norskopplæring.

Ulvik/Brakanes
18.03.2013

Thor Erling Larsen, einingsleiar. (s)

Årsmelding 2012 – helse og sosial – ansvarsområde 240.

Leiar: Harald G. Johnsen.

1. Omtale av overordna mål.

Den overordna målsetnaden for helse og sosial er å tilby tenester i omfang og av ein slik kvalitet som framgår av helse- og omsorgstenestelova til den kostnaden og etter dei rammer som heradstyret har vedteke.

Dette skjer

1) Gjennom Helse- og sosialkontoret – tenesteområde 1209 – som er overordna administrative leining av eining helse og sosial – ansvarsområde 240 i budsjettet. Av andre spesifikke ansvarsområde namnast ansvar for handsaming av saker etter serveringslova og alkohollova inkl. sals- og skjenkekontroll (tenesteområde 2422), støttekontaktteneste (2342), Krisesenterteneste (2423), omsorgsløn (2546) og personleg brukarstyrt assistent (2547).

Aktivitetstilbod for born og unge – **ungdomsarbeidar – tenesteområde 2310 og dagavdeling – tenesteområde 2544 og 2340 (nr. 10, Vaskeriet og Brakanesstova** ligg under helse- og sosialkontoret.

2) Gjennom helsestasjon – tenesteområde 2320 – m.a. som helsestasjonstilbod for 0-5 år, skulehelseteneste, skulehelseteneste for vidaregåande skule, helsestasjonstilbod for ungdom og miljøretta helsevern – t.d. reisemedisin og helseopplysning og svangerskapskontroll og oppfølging etter fødsel. I tillegg har helsesøster gjennom eit formalisert samarbeid med skule og barnehage eit kontinuerleg fokus på born og unge si psykiske helse.

3) Gjennom Legekontoret – tenesteområde 2410 og 2411 (legevakt) – som kurative/førebyggjande legetenester, legevaktordning, tilsynslegefunksjon på Ulvik sjukeheim/pleie- og omsorgstenestene og miljøretta helsevern. Legekontoret bistår også i arbeidet med helsestasjon, skulehelsetenester, svangerskapskontrollar og psykiatri i tillegg til at legane/kommuneoverlegen har eit særskilt ansvar for førebyggjande og miljøretta helsevern.

Pr. 31.12.12 har Ulvik og Granvin sams legevaktordning mellom kl. 16:00 og kl. 23:00 frå kl. 23:00 til kl. 07:00 har ein legevakt i eit samarbeid med Voss sjukehus. Legevakt på dagtid/i kontortida gjennom ordinær legeteneste.

Ulvik og Granvin samarbeider og om turnuslege. Granvin nyttar turnuslege 3 dagar i veke medan Ulvik nyttar denne 2 dagar i veke. Ordninga vert administrert frå Granvin, men det er kommuneoverlegen i Ulvik som gjev rettleiing. Ordninga med turnusteneste gjer det m.a. mogeleg å oppretthalda legevaktordninga mellom Ulvik/Granvin.

4) Fysioterapitenesta – tenesteområde 2412 – i Ulvik vert driven med privatpraktiserande fysioterapeut med avtale og driftstilskot. Fysioterapeut er i tillegg tilsett i 0,2 kommunal stilling for samarbeid med helsestasjon, skulehelseteneste, rehabilitering i pleie og omsorg og ymse tverrfagleg arbeid.

5) Andre oppgåver.

Barnevern – tenesteområde 2440, 2510, 2520. Ansvar etter lova er gjennom vertskommuneavtale overført til Hardanger Barnevern, Odda. Andre kommunar som inngår i dette samarbeidet er, Eidfjord, Jondal og Ullensvang.

Helse- og sosialkontoret har vore sekretariat for **Rådet for funksjonshemma.**

Felles for alle avdelingane i HS er at dei deltek i fleire **tverrfaglege og – sektorielle utval.**

Ungdomsmedarbeidar er sekretær for **Ulvik Ungdomsråd.**

Oppnådde resultat i høve til vedtekne mål:

I årsmeldinga for 2011 heitte det at **hovudfokus i 2012** ville liggja på endringar og tilpassingar som følgje av **samhandlingsreforma**. I tillegg til det administrative og faglege meiransvaret som følgde med at sjukehuset overførte pasientar til eit kommunalt tilbod og som måtte løysast internt kom systemiske endringar som skulle løysast gjennom samarbeid kommunane imellom. Ulvik herad har inngått ei rekkje med avtalar om gjennomføringa av reforma – rettar og pilkter – med Helse Bergen.

Det vert gjennom Hardangersamarbeidet arbeidd med følgjande prosjekt:

- a) Allmennlegetenesta
- b) Folkehelse
- c) Legevakt

Andre fokusområde i 2012:

- Samarbeide med Granvin/Eldfjord om ei framtidsretta legevaktordning
- Implementering av nye lover: helse- og omsorgstenestelova, lov om folkehelsearbeid og lov om pasient- og brukarrettar.
- Medarbeidarsamtalar
- «Meldingsløftet»
- Internkontroll
- Tryggja tilbodet og arbeidet med innhaldet i dagtilbodet på Brakanestunet

Gjennom Hardangersamarbeidet har arbeidet halde fram.

Når det gjeld felles **allmennlegetenesta** har prosjektet ikkje konkludert. Her var målsetnaden m.a. å få til ein sams kommuneoverlegestilling som skulle arbeide med miljøretta helsevern. Alle kommunane har oppretta **folkehelsekoordinator** – Ulvik med 40% stilling. Stillinga er administrativt lagt til sentraladministrasjonen.

Personar på fastlegeliste i Ulvik stig medan talet på innbyggjarar går ned/er uendra:

År pr.01.01.	Pers. reg. m/fastl. i Ulvik	Folketal pr. 01.01
2010	1250	1129
2011	1238	1105
2012	1275	1112
2013	1313	1113

Ein kommune som Ulvik vil normalt ha ein «lekkasje» av innbyggjarar m.o.t. val av fastlege til større sentra – t.d. Voss og Kvam. Dette både grunna «små lokale forhold» og det at ein då kan utføra andre oppgåver samstundes med legebeseøk. At so mange då vel eit fastlegetilbod i Ulvik må forsiktig kunne tolkast som ein indikator på at vi har ei god legeteneste i Ulvik.


Verknadene av samhandlingsreforma er mest synleg på administrativt nivå – nye rutinar, avtalar osv. og er mindre m.o.t. kurativt helsearbeid. Legane (inkl. legar i vakt) påverkar Ulvik herad sin samla betaling til Helse Bergen gjennom sin innleggingspraksis ved at Ulvik betalar til Helse Bergen for sjukehusinnleggingar etter eit eige takstsystem. Ulvik herad mottok midlar frå staten i 2012 som skulle nyttast til slik betaling. Etter å ha betalt for slike innleggingar har heradet i 2012 eit mindreforbruk i høve til øyremerkte tilskot på kr. 352 000.

Frå KOSTRA-tala. (tabell 1)

Netto dr.utgifter pr. innb. i kr. – kommunehelsetenesta 2012							
Ulvik	Kostragruppe*	Jondal	Granvin	Eidfjd.	Hordaland	Landet utanom Oslo	Landet
4 513	4 459	6 196	3 722	7 539	1 997	2 094	2 049
Legeårsverk pr. 10 000 innb. i kommunehelsetenesta							
30,5	17,5	19,1	17,7	31,5	9,2	8,6	8,5

- «Kostragruppe» den gruppa med kommunar i landet som m.o.t. folketal, busetnad og andre sentrale variablar kan samanliknast med Ulvik.

(Tabell 2.)



Tala i tabellen er ikkje korrigert for vanleg kostnadsauke.

Tala i tabell 1 syner at utgiftene til kommunehelsetenesta i Ulvik er litt høgare enn kommunane i same kostragruppe og at dei er vesentleg høgare enn for eit gjennomsnitt av hordalandskommunane og av landet sine øvrige kommunar. Ander nabobokkumar (jondal og Eidfjord) har høgare utgifter pr. innbyggjar – små kommunar ser ut til å ha utgifter pr. innbyggjar som er langt høgare enn større kommunar.

Tabellen syner og at vi i Ulvik har ei høg legedekking og at medan legedekkinga er vel 3 gongar høgare enn for hordalandskommunane samla so er utgiftene noe i overkant av det doble. Høg lededekking sikrar godt tilgjenge til lege for innbyggjarane. At legane i Ulvik har mange pasientar på sine fastlegelister (sjå over) og at det er stor pågang med pasientar i ferieperiodar bidreg til høgare eigendelar og refusjonar gjennom NAV og dermed til reduserte netto driftsutgifter.

Tabell 2 syner at det ein les ut av tabell 1 også gjeld når ein ser utviklinga over tid – 2007 – 2012.

Legevakt. Arbeidet er på nyåret 2013 i ein slutfase og er tenkt gjennomført f.o.m. sept. 2013 med at kommunane Voss, Granvin, Eidfjord, Ulvik og Vaksdal får ei felles legevakt på Voss i tida 16:00 – 07:00. Kvam sluttar seg til den felles ordninga kl. 23:00. Frå same tid vert den sams legevaktordninga for Ulvik/Granvin lagt ned.

Folkehelsedag på Brakanes skule vart gjennomført som eit tverrfagleg og tverrsektorielt samarbeidsprosjekt.

Samarbeidet med Granvin og Eidfjord om felles **legevaktordning** er underordna føringane i Hardangerprosjektet som ser på ei «større ordning» der desse kommunane inngår.

Medarbeidarsamtalar er ikkje gjennomført i 2012. Slike samtalar har ikkje vore etterspurd. «**Meldingsløftet**» – dvs. det å få på plass system og rutinar som skal gjere det mogeleg å utveksle sensitive personopplysningar over «nettet» har vore arbeidd med, men prosessane er ikkje slutførte. Desse rutinane er m.a. ein føresetnad for pasient- og informasjonsflyt som følgje av intensjonane med samhandlingsreforma. Det har også vore arbeidd med nytt naudnettsystem – truleg som følgje av 22.07.2011.

Eit godt internkontrollsystem står att å få på plass.

Dagtilbodet på Brakanestunet er mellombels sikra m.a. med transport. Å halde tilbodet ope 2 dagar i veke har hatt høg prioritet. Ved sjukdom har ein nytta vikar. Stillinga som miljøarbeidar er utvida med samanslåing av delstillingar.

Resultat i budsjett/rekneskap.

Netto driftsutgifter – dei ulike tenesteområda på ansvarsområde 240 – helse og sosial.


Teneste	Område	B- 2012	R 2012	avvik*	B-12 i % av R 12	R 2011	R 12 i % av R-11
1209	Adm. fagområde	832001	779093	52908	106,8	800472	97,3
2310	Akt.tilbod born og unge	292896	148744	144152	196,9	274323	54,2
2320	Helsestasjon og Jordmorteneste	749041	774870	-25829	96,7	445883	173,8
2331	Næringsmiddeltilsynet	45000	0	45000		34801	0,0
2340	Miljøarb./akt. funksj.hemn	446000	457022	-11022	97,6	364857	125,3
2342	Støttekontaktteneste	356913	313509	43404	113,8	323518	96,9
2410	Kommunelegetenesta	2944848	3306765	-361917	89,1	2920500	113,2
2411	Legevakt	224676	323937	-99261	69,4	326395	99,2
2412	Fysioterapitenesta	475317	471759	3558	100,8	448661	105,1
2422	Skjenkekontroll	-13400	-9495	-3905	141,1	-15706	60,5
2423	Krisesenter	60000	38401	21599	156,2	67412	57,0
2430	Edrusk. og behandling	15000	0	15000		0	
2440	Barnevern - adm.	305000	294567	10433	103,5	323256	91,1
2510	Barnevernstiltak i familien	10000	14603	-4603	68,5	0	
2520	Barnevernstiltak utanfor familien	134536	177616	-43080	75,7	177871	99,9
2533	Anna bustad/instit.	1628500	1611170	17330	101,1	1499627	107,4
2534	Samhandlingsreforma	0	57869	-57869	0,0	40945	141,3
2544	Psykiatriteneste	723760	718224	5536	100,8	901248	79,7
2546	Omsorgsløn	163711	62628	101083	261,4	66121	94,7
2547	Pers. brukarst. ass.	425047	205754	219293	206,6	195692	105,1
2830	Utbetr.tilsk (Husb.midlar)	0	0	0		-767	0,0
	SUM	9818846	9747036	71810	100,7	9195109	106,0

*Avvik i kr.: positivt tal = mindreforbruk i høve budsjett, neg. tal = meirforbruk.

Taldel.

Samla netto forbruk på ansvar 240: kr. 9 747 036 som er eit netto mindreforbruk i høve til budsjett på kr 71 810.

Utgifter på ansvarsområde 240 i perioden 2007 - 2012



Ser ein på utgiftsutviklinga i perioden 2007 til 2012 har netto budsjett auka frå kr 8, 5 mill til kr 9,8 mill. Dette svarer til ein årleg vekst på ca. 3% som er under den generelle løns- og kostnadsveksten i same periode.

Samla lønsutgifter i etaten er på om lag 8,6 mill. Budsjett 2012 er sett opp med «kjente» lønningar i 2011 under føresetnad av at lønsauken i 2012 ville bli kompensert med avsette midlar annan stad i budsjettet. Lønsauken i 2012 er kompensert med 2,5% medan den reelle lønsauken er på 4,5%. Det er soleis ei underdekking av løn i budsjettet på om lag kr. 125 000.-. Når dette skjer over fleire år inneber det ein årleg reduksjon i dei samla rammene.

Lønsutgifter utgjør ca 74% av eininga sine brutto utgifter. Lønsoppgjer og endringar i arb.gj.avgift, feriepengar og pensjon vil difor lett utgjere store summer – og tilsvarende: det vil vere vanskeleg å få til større samla innsparingar utan å måtte redusere i talet på stillingar.

Inntektene i budsjettet er vanskeleg å påverka administrativt eller politisk. Inntektene er sett saman av sentralt fastsette eigenbetalingssatsar og tilskot/refusjonar

Merknader til einskilde tenesteområde.

2310 Aktivitetstilbod born og unge.

Underforbruket skuldast at stilling som ungdomsmedarbeidar stod ledig i ca. 5 månader. Ny ungdomsarbeidar tok til i stillinga på nyåret.

2320 Helsestasjon og jordmorteneste og 2544 psykiatriteneste.

Stort avvik i R 2011 må lesast i samanheng: Meirforbruk på 2320 og mindreforbruk på 2544 skuldast at endra føring av stillingsheimlar.

2430 Miljøarbeid/aktivitetar for funksjonshemma.

På tenesta er ført driftsutgifter som følgjer med drifta av lokale i Brakanestunet – m.a. husleige. Største posten er brannvaktordning etter avtale mellom Ulvik herad og Brakanes Hotell drift.

2410 Kommunelegetenesta.

Eit meirforbruk på ca. netto ca 362 000 skuldast auka utgifter med interkommunal legevaktordning og feil budsjettering med statstilskot. Feilen er retta i budsjett 2012.

2411. Legevakt.

Eit meirforbruk på netto ca 99 000 skuldast ei for optimistisk stipulering av refusjon frå samarbeidsande kommune.

2423 Kriesesenter.

Ulvik herad slutta seg i 2012 til avtale om kriesesentertenester med Bergen Kriesesenter. Tidlegare øyremerkt tilskot til drift av kriesesenter (utbetalt til vertskommunar) vart i 2012 utbetalt kvar einskilde kommune som del av rammetilskotet.

2440, 2510, 2520 – barnevern.

Utgifter til deltaking i interkommunal ordning skjer etter avtalar. Ulvik herad er ansvarleg for utgifter til tiltak i einskildsaker. Heradet har gjennom Odda kommune etterlyst opplysningar som grunnlag for eigen budsjettering.

2534. Samhandlingsreforma.

Ulvik herad har vedteke samarbeid gjennom Hardangerrådet om Samhandlingsreforma. Det vart heller ikkje i 2012 vedteke dekningsmåte for utgifter knytt til prosjektet.

Utgiftene ført på teneste 2534 og fører til auka utgifter på ansvarsområdet som ikkje er teke med i ramma.

4. Personale.

5. Avd.		Adm.	Ungd.-medarb.	Lege-kontor	Helse-stasjon	Br.nest./nr 10	Fysio-terapi	Sum
2009	St.heimlar	1,1		3,6	1,25	2	0,21	8,16
	Tal personar	2		5	2	3	1	13
2010	St.heimlar	1,1	0,4	3,6	1,25	2	0,21	8,56
	Tal personar	2	1	5	2	4	1	15
2011	St.heimlar	1,1	0,4	3,6	1,25	2,1	0,21	8,66
	Tal personar	2	1	5	2	2	1	13
2012*	St.heimlar	1,1	0,4	3,6	1,25	2,1	0,21	8,66
	Tal personar	2	0**	4	2	2	1	11

*Pr.. 31.12.12

** 1 pers. frå 01.01.13.

Stilling som miljøarbeidar er utvida ved samanslåing av stillingdelar. Merkantile stillingar på legekantoret er endra m.o.t. stillingsbrøker. Det har ikkje vore andre stillingsutvidingar eller endringar i innhald.

Det er framleis noko uvisse m.o.t. behovet for stillingar og kvalifikasjonar knytt til verknadene av samhandlingsreforma. Helsefagene er likevel styrka ved at det er oppretta stilling for folkehelsekoordinator knytt til sentraladministrasjonen. Det vart hausten 2012 arbeidd med ei utviding av fysioterapitilbodet i Ulvik. Fysioterapitenesta vil verta styrka ved at heradet i 2013 inngår nok ein avtaleheimel med driftstilskot.

5. Sjukefråvær.

Sjukefråværet på ansvarsområde 240 er samla sett lågt. Talet på tilsette er lågt og ein langtidssjukemelding kan gje store utslag på gjennomsnittet. Det er difor vanskeleg å slutta anna ut frå tala enn at sjukefråværet i 2012 har vore lågt. Ein er ikkje kjent med at sjukdom i 2012 skuldast påkjennningar i arbeidsmiljø eller at det på anna vis er arbeidsrelatert.

Fråvær 1012

Avdeling	Fråværs% - samla	Korttidsfråvær	Langtidsfråvær
Helset./komm.l.	5,80	1,71	4,09
Helsestasjon	0,66	0,66	0,66
Sosiale tenester	1,81	1,81	0

6. Kompetanseutvikling.

Eininga har i 2012 med eit unntak ikkje hatt tilsette under vidareutdanning eller særskilte kompetansehevande tiltak.

Kommunelege 2 held på med spesialitet i allmennmedisin. Dette er venta avslutta i 2013. Ymse kurs og samarbeid med andre kommunar vil alltid utgjere ein vesentleg del av den kontinuerlege kompetanseutviklinga. Kurstilboda vil langt på veg også avspeгла dei behova for kompetanseheving som er registrert i kommunane..

Det har gjennom ymse prosjekt i regi av Hardangerrådet/Samhandlingsreforma ikkje vorte avdekka behov for særskilt kompetanse. I samband med samhandlingsreforma er det avtalefesta at spesialisthelsetenesta skal drive opplæring av personell i primærhelsetenesta i den grad dette er naudsynt for utskriving og vidare behandling og rehabilitering.

7. Helse, miljø, tryggleik og kvalitetssikring

Som peika på i førre årsmelding treng lokala vedlikehald. Golv på eitt kontor vart skifta i 2012. Meir vedlikehald er planlagt gjennomført på legekantoret i 2013. M.a. må legekantor sikrast tilkomst etter krav til universell utforming.

Ansvar: Driftseininga.

Det er ikkje gjennomført medarbeidarsamtale i 2012. Samtalar er ikkje etterspurt, men dette er ikkje einstyndande til at det ikkje er behov for slike.

Det er gjennomført vernerunde i 2012, tiltak er spesifisert og ansvarleg for gjennomføring er peika ut. Tiltaka er gjennomførte med unntak av vedlikehaldsarbeid på legekantoret

8. Samfunnstryggleik og beredskap.

Eininga har delteke i øvingar

9. Konsekvensar for handlingsprogrammet.

Eininga avventar også ved utgangen av 2012 konklusjonar frå prosjekt i regi av Hardangerrådet vedk. verknadene av samhandlingsreforma.

- Intensjonen er at interkommunal legevaktordning skal iversettast frå sept. 2013. Kostnadene ved dette er førebels ukjente. Kostnadene bør vere kjente i samband med utarbeidinga av ny handlingsplan.
- Heradet har inngått avtale med Voss kommune om drift av ØH (akutt hjelp-senger). Kostnader: Ulvik herad sin del av øyremerkte statstilskot): ingen netto verknad på Ulvik herad sitt budsjett.
- Ingen avklaring på spørsmålet om sams kommuneoverlege – miljøretta helsevern.

Fysioterapitilbodet er utvida med ein avtaleheimel. Kostnadene er innarbeidd i budsjett 2013 og må sikrast i åra som kjem.

Utgifter til vedlikehald/oppussing av kontorlokale og gjennomføring av universell utforming generelt er ført opp på anna ansvarsområde.

Det vert arbeidd med lokale for ungdomsklubben i Ulvik. Det ligg førebels ikkje føre konkrete planar eller kostnadsoverslag. Desse må evt. handsamast på vanleg måte i handlingsplan/budsjett.

Det må takast høgde for at med stilling som folkehelsekoordinator vil det følgja prosjekt/tiltak som vil kosta noko. Sidan folkehelsearbeidet er eit tverrsektorielt ansvar står det att å sjå på kva ansvarsområde evt. kostander skal dekkjast.

10. Anna aktivitet og tiltak.

Andre oppgåver og fokusområde:

- a. Samarbeide med Granvin/Ulvik om ei sams legeteneste.
- b. Meldingsløftet / nytt naudnett.
- c. Vidare arbeid med internkontroll og kvalitetssikring.
- d. Auka samarbeid mellom ungdomsråda i Hardanger – tiltak for ungdomsgruppa på tvers av kommunane.
- e. Samarbeid med folkehelsekoordinator om folkehelsetiltak.

ÅRSMELDING 2012 - AVD. PLEIE OG OMSORG

Ansvarsområde:

Avd. pleie og omsorg har følgjande deltenester:

Ulvik sjukeheim : langtidsplass, korttidsplass/akutt plass og avlastningstilbod, dagsenteret
Arbeidsstova

Heimetenester: heimesjukepleie, heimhjelp, dagavdeling for demente, tryggleiksalarm,
utkøyring av middag

Institusjonskjøkken

Ergoterapiteneste: inkl. kommunalt hjelpemiddellager

Inntaksnemda: Tildeling av omsorgsbustad/trygdebustad.

1. Omtale av overordna mål

Avd. pleie og omsorg skal i samarbeid med tenestemottakar levera omsorgstenester av rett standard og kvalitet –
og ha ein kultur som byggjer på tillit, tryggleik og respekt

Helse og omsorgslova gir eit lovkrav om at alle som bur og/eller midlertidig oppheld seg i kommunen har rett på nødvendig helsehjelp. Same retten til helsehjelp gjeld enten ein er fastbuande eller er gjest/turist i kommunen.

Hovedoppgåvene ligg difor i å yta omsorg og pleie, behandling og rehabilitering til dei som ikkje sjølve maktar eigenomsorg og/eller praktiske gjeremål i kvardagen, enten i eigen heim eller institusjon

For å nå denne målsetjinga arbeider ein etter følgjande prinsipp:

- brukarmedverknad og avklaring av forventningar
- kompetansehevingstiltak / rekruttering
- ansvarlege og kompetente medarbeidarar som er løysingsorienterte
- jobbnærverstiltak / trivselstiltak

2. Oppnådde resultat i høve til vedtekne mål

*2012 har vore Samhandlingsreforma sitt år og vore rettleiande for gjennomførte tiltak, både innafor kompetanseheving – administrativt og praktisk med tilrettelegging og planlegging internt.

Ein har nådd målsetjinga om å få til gode pasientforløp ved å ta i mot alle utskrivingsklare pasientar som er meldt til kommunen med behov for oppfølging frå pleie og omsorg etter utskriving. Dette er også i tråd med dei avtalar Ulvik herad har inngått med Helseføretaket. Ulvik har soleis ikkje hatt meirutgifter med å betala døgnpris til Helseføretaket. Fleire kompetansehevande tiltak er gjennomført for å kunne ta i mot stadig sjukare pasientgrupper i ulike fasar av livet, yngre og eldre, med behov for vidare behandling i kommunal institusjon og/eller i heim. Det er her snakk om kurs innafor fleire fagområde og nytt lovverk i tillegg til samarbeidsmøte og opplæring frå spesialisthelsetenesta.

Heradstyret har inngått avtalar med Helseføretaket. Avd. pleie og omsorg har iverksett desse vedtaka, men utan tilføring av nye/ekstra ressursar.

Erfaringar gjennom året viser eit auka forbruk av ressursar både knytt til direkte pasientbehandling men også administrativt har fleire oppgåver vorte tilført kommunen i dette

samarbeidet.

Dei administrative arbeidsoppgåvene legg grunnlaget for å få til gode pasientforløp i eit tverrfagleg perspektiv. Arbeidsoppgåvene er lite synlege, men er arbeidskrevjande og avgjerande for sluttresultatet ved utskriving.

Samhandlingsreforma har totalt sett ført til eit meirforbruk i høve til vedteke budsjett.

*MIK: Meldingsløftet i kommunane: Del av Samhandlingsreforma med mål om elektronisk overføring av pasientinformasjon mellom pleie og omsorg, legekantor og spesialisthelseteneste.

Tiltak utsett til 2014, jfr. økonomiplan, for innkjøp av ny modul for oppkopling til Norsk helsenett. Tanken er då at alle meldingar/kommunikasjon som gjeld utskrivingsklare pasientar skal føregå elektronisk. Kommunane har gjennom avtalar forplikta seg til å gjennomføra MIK

Samhandlingsreforma / MIK: Reforma krev stadig meir av kommunane. Me har eit stykke veg å gå for å nå måla reforma pålegg oss lokalt. Det har heller ikkje vore drøftingar rundt utvida arbeidsområde og ansvarsområde i vedteke budsjett knytt til det å løysa utvida pasientstraum og behov for omsorgstenester lokalt.

3. Resultat i budsjett/rekneskap

Budsjett : kr 21.550.882,-

Rekneskap : kr 21.945.906,-

Resultat : kr 395.024,-

Ein av hovedgrunnane til meirforbruket ligg til gjennomføring av Samhandlingsreforma.

Ein har ikkje hatt meirutgifter knytt til å betala helseføretaket for utskrivingsklare pasientar, men kostnadene er overført til kommunen gjennom auka utgifter til pasientbehandling lokalt. Lønsutgiftene er kompensert med 2,5% medan dei reelle lønskostnadene ligg på 4,5% frå sommaren og ut året. Auka utgifter knytt til pensjonsutgifter gjennom året er heller ikkje fullt ut kompensert.

Eit par tenestoområde har underforbruk og er med på å redusera meirforbruk innafor andre tenestoområde.

Ein har hatt reduserte inntekter frå betaling for opphald ved institusjon. Auka bruk av korttidsplassar med døgnpris fastsett i Forskrift og det faktum at ein no alltid må ha ledig kapasitet for å kunne ta i mot utskrivingsklare pasientar frå sjukehus er årsaka.

SSB sin statistikk over finansielle nøkkeltal pr 15.03.2013:

	Ulvik	Kostragr.06	Jondal	Granvin	Eidfjord	Hordaland	Landet
Netto driftsutg. pr innb. Pleie og omsorg	24.534,-	27.748,-	27.060,-	25.505,-	27.738,-	15.132,-	14.939,-
Andel innb. over 80år som er bebuarar ved institusjon	14,7%	19,2%	26,3%	14,7%	24,1%	14,9%	14,1%
Korrigerte brutto driftsutg. pr mottakar av heimetenester	97.702,-	216.777,-	240.569,-	138.179,-	43.349,-	227.847,-	210.493,-
Korrigerte brutto driftsutg. institusjon , pr kommunal plass	1.007.190,-	1.008.132,-	...		981.071,-	921.836,-	955.309,-

Kommentarar til tabell:

*Her er små skilnader mellom nabokommunar og kommunar tilhøyrande kostragruppe 06 – i netto driftsutgifter pr innbyggjar i kroner i pleie og omsorgstenesta. Alle kommunar ligg høgare enn snittet i Hordaland og for landsgjennomsnittet.

*Andelen innbyggjarar over 80 år som er bebuar ved institusjon ligg på 14,7%, det same som Granvin. Dette er lågare enn både kommunane i Kostragruppe 06, Jondal og Eidfjord og på line med snittet i Hordaland og landsgjennomsnittet.

Dette trass i at Ulvik har ein svært høg andel eldre over 80 år.

Befolkningsgruppene i Ulvik pr 01.01.2013 fordeler seg slik (SSB):

0 -24 år : 318 personar

25-34 år : 89 «

35-44 år : 144 «

45-69 år : 378 «

70-79 år : 89 «

80 år + : 95 « : 60 kvinner og 35 menn.

Av desse er 24 personar over 90 år : 6 menn og 18 kvinner.

Høg alder er likevel ikkje einsbetydande med stort hjelpebehov frå kommunale pleie og omsorgstenester, sjølv om høg alder ofte er kopla til fleire og meir samansette problemstillingar. Helsetilstand og funksjonsnivå er likevel avgjerande for kor mykje hjelp ein har bruk for og korleis hjelpa vert gjeven.

*Ulvik ligg svært låg når det gjeld driftsutgifter pr mottakar av heimetenester. Dette skuldast i all hovudsak at ein har integrerte tenester på kveld og natt med institusjon. Tilsette som har stilling ved sjukeheim sørvar også brukarar med behov for heimesjukepleie på kveld og natt. Her ser ein fordelene med integrerte tenester – men ein må vera open for at her kan koma endringar i periodar med auka tal heimebuande med stort hjelpebehov, at dei som får hjelp i dag får eit auka hjelpebehov eller begge deler. Dette ser ein m.a. ved behov for sjukepleiekompetanse på natt. Ein har i dag heimevaksordning for sjukepleiegruppa. Heimetenester, det vil sei heimesjukepleie og heimehjelp, har i mange år ikkje hatt stillingsauke. Ved auka oppdrag i heimar har personalet ved institusjon hjelpt til i heimesjukepleien dersom det har vore rom for det. Ein er difor sårbar når det gjeld auke i tal brukarar i heimetenester med auka/utvida hjelpebehov. Heimetenester må også sjåast på som eit førbyggjande tiltak for å kompensera for funksjonstap, uavhengig av alder.

*Driftsutgifter knytt til pr institusjonsplass gir kun små skilnader mellom kommunane. Det er likevel verdt å merka seg at ved riktig registrering av reelle ressursar brukt til heimetenester vil totalsum pr institusjonsplass gå ned.

Ulvik vil då ha lågare driftsutgifter pr institusjonsplass samanlikna med kommunane i tabellen ovanfor, men likevel lågare i driftsutgifter enn dei andre kommunane når det gjeld utgifter pr mottakar av heimetenester.

4. Personale

Personalgruppa er fleirkulturell og tel 9 nasjonalitetar.

Ein har god fagdekning innafor dei ulike tenesteområdene pr i dag. Avd.sjukepleiar i institusjon og heimetenester har det faglege og driftsmessige ansvaret innafor sine tenesteområde og er sjølve del av bemanninga. Auka krav til dokumentasjon, melding av

pasientar frå sjukehus og oppfylgjing med planleggjing av utskriving av pasientar i tillegg til dagleg drift med turnusarbeid krev endring i avd.sjukepleiar sin stillingsinstruks for framtida og omgjering til administrative stillingar. Dette vil krevja auka ressursar som i dag vert kompensert med å trekkja inn vikarar for å frigjera avd.sjukepleiar i drift. Behovet for vikarar frå byrå er stort sett knytt til avvikling av hovedferien om sommaren.

5. Sjukefråvær

Det totale sjukefråværet var på 7% i 2012 mot 5,7% i 2011. Mål om 5% sjukefråvær er soleis ikkje nådd. Aktiv personalgruppe på fritida kan også gi skadar og for 2012 har det gitt eit større langtidsfråvær enn ynskt.

Det gledelege er likevel at ingen tilsette har hatt sjukefråvær som fylgje av sjølve arbeidssituasjonen.

Fordeling av korttidsfråvær og langtidsfråvær fordeler seg slik i 2012:

Ulvik sjukeheim: korttid: 1,14%	langtid: 7,16%
Heimetenester : korttid: 1,26%	langtid: 1,12%

Haldningsarbeidet knytt til at tilsette i større grad skal nytta eigenmelding ved korttidsfråvær på inntil 8 dg har gitt noko resultat i form av ein liten auke i bruken av eigenmeldingar. Skal ein lukkast med dette arbeidet fullt ut er ein svært avhengige av at også fastlegar støttar opp om bruk av eigenmelding som første tiltak.

6. Kompetanseutvikling

Fleire tilsette har starta grunnutdanning til fagarbeidar i tillegg til vidareutdanningar. Auka kompetanse er viktig for framtidas utfordringar innafor sektoren.

Dette har ei kostnadsside, men kostnaden med ikkje å ha nok fagfolk for framtida vil gi endå større utfordringar og auka kostnader.

Det er gjennomført internundervisning og deltaking ved lokale og regionale kurs innafor fleire fagområde for kompetanseheving..

Det vart søkt Fylkesmannen om midlar frå Kompetanseløftet 2015. Ulvik fekk tildelt 120.000,-. Dette har gjort at ein har kunna satsa sterkt på fagutvikling.

7. Helse, miljø, tryggleik og kvalitetssikring

HMS-plan for ploms er utarbeidd i samarbeid med verneombodet. Oppførte tiltak for perioden er gjennomført.

Vernerunde i samarbeid med verneombod er gjennomført med utarbeiding av handlingsplan i etterkant. Det vart satsa på å tildela kvar tilsette ein kronesum til innkjøp av arbeidssko som lekk i sjukefråværsarbeidet.

Medarbeidarsamtalar: Det er gjennomført medarbeidarsamtalar

Kvalitetssikringsarbeidet innafor ulike fagområde er arbeidd med gjennom året.

8. Samfunnstryggleik og beredskap

- Teoretisk og praktisk brannøving gjennomført.
- Praktisk og teoretisk undervisning i forflytningsteknikk med utarbeiding av rutinar for forflytning med krav til alle tilsette/nytilsetjingar om å gjera seg kjend med innhaldet
- Ferdigstilling av aggregat og bossbu for sikring av straum til sjukeheim v/straumbrot og sikrere oppbevaring av brennbart boss

9. Konsekvensar for handlingsprogrammet / utfordringar framover:

1. Det ligg store utfordringar knytt til avgjerd om kva som skal skje med eksisterande institusjon: Nybygg eller total rehabilitering for å stetta dagens krav til denne type institusjon.
2. Ny helse og omsorgsplan skal føreliggja til Heradstyre i juni- 2013 knytt til økonomiplanarbeidet. Planen vil gi signal om korleis ein må prioritera helsesektoren sine utfordringar i åra framover
3. Heradet må ta høgde for Samhandlingsreforma med dei utfordringar det medfører for heile kommunen, men pleie og omsorg spesielt, for framtidig behov for meir avansert behandling lokalt for fleire pasientgrupper. Dette vil krevja meir kompetanse og auka bruk av kommunal institusjon for fleire pasientgrupper
4. MIK (meldingsløftet i kommunane) : elektronisk overføring av pasientinformasjon mellom kommune og spesialisthelseteneste med auka arbeidsmengd og nye oppgåver for gode pasientforløp, jfr. inngåtte avtalar.

Karin Fleten
Pleie og omsorgsleiar
18.03.2013

ÅRSMELDING FOR 2012

RESULTATOMRÅDE: NAV ULVIK – ansvarsområde 270

Leiar : Marianne B. Lindahn

1. Omtale av overordna mål

NAV Ulvik, sosialtenesta, jobbar etter lov om sosiale tenester i arbeids- og velferdsforvaltningen av 18. desember 2009 som trådte i kraft 1. januar 2010. Lova inneheld rettar og pliktar sosialtenesta har i forhold til sosiale tenester, økonomisk sosialhjelp, rusmidelomsorg og institusjonar, samt handsamingsreglar.

Lovas formål § 1-1

”Formålet med loven er å betre levekårene for vanskeligstilte, bidra til sosial og økonomisk trygghet, herunder at den enkelte får mulighet til å leve og bo selvstendig, og fremme overgang til arbeid, sosial inkludering og aktiv deltakelse i samfunnet.”

NAV Ulvik har i tillegg til sosialtenesta ansvar for alle områder innanfor tidlegare trygd og A-etat, men årsmeldinga vil i hovudsak gjere greie for den kommunale delen.

2. Oppnådde resultat i høve til vedtekne mål:

Totalt i 2012 har NAV Ulvik, sosialtenesta, hatt 27 aktive brukarar. Dei har hovudsakeleg hatt behov for kortvarig hjelp. Av desse var 5 nye brukarar. Dette er ein nedgang med 5 personar frå det som NAV Ulvik, sosialtenesta, hadde i 2011. Brukarane hadde behov for blant anna økonomisk stønad, økonomisk råd og rettleiing, gjeldsrådgjevnad, utanomrettsleg gjeldsordning, frivillig offentleg forvaltning av økonomi, ansvarsgrupper og bustad.

NAV Ulvik har i 2012 ikkje hatt brukarar som har hatt sosialstønad som einaste inntekt over tid. Brukarane har som oftast ei trygdeytning eller låg arbeidsinntekt, og treng supplerande sosialstønad i kortare eller lengre tid. Ca. 48 % av brukarane var i aldersgruppa 25-44 år, ca. 26 % av brukarane var under 25 år og ca. 26 % av brukarane var over 45 år.

NAV Ulvik har i 2012 jobba med å gje økonomisk tryggleik for vanskeligstilte. Det er eit mål at ingen skal leve av sosialstønad over tid. I 2012 hadde ca. 85 % av brukarane behov for bistand i inntil 6 månader før dei vart sjølvhjelpne. Samanlikna med 2011 kor talet var 98 %, var det fleire i 2012 som trengte økonomisk bistand over lengre tid. 85 % er uansett eit høgt tal, og vurderast som greitt i høve oppnådd mål.

3. Resultat i budsjett/rekneskap

Forhold som økonomisk krise i Europa, stor arbeidsløyse utanom turistsesong og mange tilflyttarar til heradet, er med å påverka budsjettet til NAV, då NAV er plikta å hjelpa dei som står utan økonomiske midlar. Dette er noko som kan vera vanskeleg å vite omfanget av på forhand.

Ansvar 270

Rekneskap	Budsjett	Avvik
1 220 489	1 222 251	-1762

Det vil variera frå år til år kva brukarane vil trenge av økonomisk stønad. Det vart utbetalt meir i økonomisk stønad enn berekna i 2012, så det vart eit negativt avvik på kr 1762,-. Budsjettet vert vurdert å gå i null.

Ulvik herad og NAV deler driftskostnader for felles kontor etter ein fordelingsnøkkel, der Ulvik har 35,7 % av utgifta og NAV har 64,3 %. Det er ikkje alle tal frå SSB ein kan samanlikna med andre kommunar i regionen, då det vart tekniske problem med innsending av tal til SSB. Tala måtte etter kvart sendast pr. post og rakk ikkje å kome med på foreløpige tal utsendt til kommunane 15.03.13. Det ein kan samanlikne er netto driftsutgifter til sosialtenesta pr. innbyggjar 20-66 år. Der ligg Ulvik (kr 1761) på omtrent på same nivå som dei andre kommunane i Kostragruppe 06 (kr 1753).

4. Personale

Personalet ved NAV Ulvik var i 2012 to personar, ein kommunalt og ein statleg tilsett. Kontoret har i utgangspunkt 2,8 årsverk, fordelt på ein kommunalt og to statlege tilsette. 0,8 statleg årsverk har stått vakant frå januar 2011, og også heile 2012. NAV leiar er kommunalt tilsett, kor 20 % av stillinga er som statleg leiar.

Personalet i NAV Ulvik jobbar på tvers av fagfelt, og dette har vore med å styrke til døme sosialdelen i Ulvik herad, kor det tidlegare jobba ein person opp mot kapittel 4 i sosialtenestelova. Det er eit lite kontor, og tenesta vert sårbar og personavhengig. God innsats og nøye planlegging er difor naudsynt for i tilstrekkelig grad å yte pålagde tenester.

5. Sjukefråvær

Det er registrert 3,43 % sjukefråvere for NAV Ulvik, sosialtenesta, for 2012. Det er eit akseptabelt nivå, men gjeld berre den kommunale delen av NAV Ulvik.

6. Kompetanseutvikling

Det har vore lite kompetanseutvikling i henhold til den sosiale delen i NAV i 2012, då det dei fleste tiltaka for kompetanseutvikling har vore i regi av NAV Hordaland for statlege arbeidsoppgåver.

7. Helse, miljø, tryggleik og kvalitetssikring

Rutinehandboka for NAV Ulvik, sosialtenesta, vert jamleg vurdert og det vert jobba kontinuerleg med kvalitetssikring. Det har ikkje vore store endringar i rutinane i 2012. Det var ikkje naudsynt med nokre tilretteleggingar eller kontakt med bedriftshelsetenesta.

8. Samfunnstryggleik og beredskap

NAV har utarbeida felles sikkerheitsintruksar og beredskapsplanar som dei ønskjer skal gjelda alle tilsette i NAV, både kommunale og statlege tilsette. NAV Ulvik har tilpassa desse instruksjonane og planane til lokale forhold i Ulvik herad.

9. Konsekvensar for handlingsprogrammet

Få tilsette ved NAV Ulvik gjer kontoret sårbart i høve til sjukefråvere, sakshandsaming og spisskompetanse på forskjellige fagområder. Dei tilsette må kunne litt om alle fagområda, i høve til store kontor kor dei tilsette kan spesialisera seg på nokre få fagområder.

Det er stor pågang av sakar og førespurnadar til NAV Ulvik i høve innbyggjartalet. Dette påverkar sakshandsamingstida og oppfylginga av sjuke og arbeidslause. I 2012 har NAV Ulvik ikkje vore påverka negativt i like stor grad som i 2011 i høve sakshandsamingstid og oppfylging av brukarar.

10. Anna aktivitet/tiltak:

NAV Ulvik har i 2012 har fortsett sitt nære tverrfaglege og tverretatlege samarbeid med andre einingar i Ulvik herad.

Årsmelding – teneste: Teknisk

280 – Adm.fagområde

Leiar : Jarle Grevstad

1. Omtale av overordna mål

Brukarane av eininga sine tenester:

- skal vera nøgde med standard og kvalitet på tenestene
- skal føla seg handsama på ein riktig og god måte.
- skal ha svar / tilbakemelding av kvalifisert personell og til rett tid.

2. Oppnådde resultat i høve til vedtekne mål:

Sjukefråværet på drift har gått litt ned frå 2011, og kom på 11,94 % i 2012 mot 12,65 % året før. Hovudgrunnen er to langtidsjukemeldingar som i løpet av året enda i pensjon for dei to sjukmeldte.

På reinhaldsida har sjukefråværet auka frå 3,79 % i 2011 til 7,31 % i 2012. Denne auken kjem av eit par sjukmeldingar som dreg litt ut og dermed får store utslag.

Når det gjeld administrativt fagområde har vi hatt eit minimalt fråvær på 0,24 %

Tala viser oss igjen at det er på drift- og reinhaldsiden eininga har uakseptable fråværstal. Tala har mange årsakar, men den fysiske belastinga i arbeidet er ein vesentleg faktor for desse utslaga. Dette fortel oss at riktig arbeidsverktøy brukt på ein riktig måte må få større fokus i det daglege arbeidet. Ein bevisstgjerjing av riktig arbeidsergonomi i det daglege arbeidet vil gjera den enkelte i betre stand til å gjera kloke val og opparbeide seg gode rutinar og samstundes førebygge belastingsskader.

Eininga må i sine HMT / internkontrollrutinar setja fokus på fråværsårsakene og førebygging av desse.

3. Resultat i budsjett/rekneskap

Med unntak av ansvar 282, vatn/avløp (sjølvkostrekneskap som er presentert som eigne resultatområde) er samla resultat for 280, 281 og 283:

Netto budsjett:-

Netto rekneskap:

Totalavvik: ()

4. Personale

Eininga har dei siste åra hatt ein del endringar i arbeidsstokken, og 2012 har ikkje vore noko unntak. VA-ingeniør og oppmålingsingeniør slutta i sommar/haust, og ein har hatt store problem med og erstatta denne arbeidskrafta. VA er eit omfattande fagfelt

og eit stort ansvar, og eininga har lagt ned store ressursar i å få ein erstattar på plass. I november 2012 fikk vi tilsett ein ingeniør som i hovudsak var tiltenkt stillingsressursen til oppmålingsingeniør/byggesak, men som har så gode grunnkunnskapar at han sa seg villig til å gå inn i VA-stillinga. Dette medfører ein del opplæring både av teoretisk og praktisk art, men alle er innstilt på at dette skal gå greitt, og tar eit ekstra tak for å få det til.

Stillinga til oppmålingsingeniør er ennå ikkje besett, men ein vil i forsøket fokusere meir på byggesakshandsaming enn på oppmåling ved utlysing av denne stillinga. I ein overgangsperiode har vi inngått ein avtale om kjøp av oppmålingstenester frå Granvin herad, og dette er ein ordning som kan vidareførast. Vedtak av ny arealdel i kommuneplanen vil utløyse nye områder for ny utbygging, og ein vil i tida framover mest sannsynleg oppleve ein auke i byggjesøknader og handsaming av desse.

I driftsavdelinga har ein tilsatt ein ny fagarbeidar i 100 % - stilling som erstatning for ein av dei som gjekk av med pensjon. Den tilsette er ein ung familiefar frå Ulvik med lang erfaring innan faget, og han begynner i stillinga 8. april.

På den annan side har vi innvilga ulønna permisjon i eitt år for ein annan av våre tilsette på drift. Dette vart gjort etter ein nøyte gjennomgang av søknad og argumenter, og ligg på ingen måte opp til presedens for slike søknader. Søknad om permisjon skal i hovudsak komme i eit vidareutdanningsløp, og ikkje som eit «sikkerhetsnett» ved overgang til ny jobb.

Einingsleiar har og innvilga 20 % ulønna permisjon fram til sommaren for plankonsulent/skogbrukssjef. Permisjonen er heimla i AML og personalpolitiske retningslinjer.

5. Sjukefråvær

Viser her til generelle merknader under pkt. 2. Det registrerte sjukefråværet er uakseptabelt høgt i delar av eininga, og dette vil ha høgt fokus i tida framover.

6. Kompetanseutvikling

Som følge av tilsetjingar og rokeringar i arbeidsstokken har ein gjennom heile eininga hatt ein del kursing og deltakingar på seminar/samlingar. Det vart lagt opp til kurs og opplæring av ny VA-Ingeniør, men grunna sein tilsetjing vert dette vidareført i år.

7. Helse, miljø, tryggleik og kvalitetssikring

Eininga har stort fokus på arbeidsmiljøet, og har heller ikkje i år hatt skader eller uhell som på nokon måte har medført fråværskaader. Driftseininga og reinhaldeininga er dei mest utsette delane av eininga, og det vert lagt stor vekt på planlegging og sikker-jobb-analyser ved prosjekter ut over den daglege drifta. På ein annan side er det i rutineoppdrag det oftast går gale, og det vert viktig for einingane at sikker-jobb går igjen i alt vi gjør.

8. Samfunnstryggleik og beredskap

Samfunnstryggleik og beredskap er av ulike grunnar eit av fokusområda nasjonale myndigheiter no sit høgast. I den daglege drifta er det å sikra innbyggjarane sine så godt som mogleg når det gjeld naturgitte trusselfaktorar som ras/skred, flom/oversvømming, svikt i teknisk infrastruktur og vidare. Elles i organisasjonen vert alle spekter innan samfunnstryggleik og beredskap lagt til grunn for planlegging framover.

9. Konsekvensar for handlingsprogrammet

Standard og kvalitet på tenestetilbodet er alltid avhengig av dei økonomiske rāmene ein har til rådighet. Forvaltning av desse rāmene opp mot forventa krav frå befolkninga er alltid ein utfordring, men ein har eit kontinuerleg fokus på kostnadseffektivitet for på den måten å yte gode tenester ut i frå dei midlane ein har til rådvelde.

Resultatområde: Byggesak, kart og oppmåling.

Fagansvarleg: Torstein Ljone
Roar Spord (fram til aug 2012)
Bjarte Ness

1. Omtale av overordna mål

Sakshandsaming etter plan- og bygningslova, matrikkellova og forureiningslova med underliggjande forskrifter og regelverk.

Ansvar for kart og oppmålingstenesta.
Oppdatering/vedlikehald av Matrikkelen og av dei ulike kartbasane.
Nytt kommuneplankart

2. Oppnådde resultat i høve til vedtekne mål.

Det er handsama bygge- og delesaker, inkl. dispensasjonar. Dei fordeler seg slik:

Type sak	Tal
PBL § 20-1	27
PBL § 20-2	16
PBL § 19-1	8
PBL § 1-8	1
Total	52 saker

3. Resultat i budsjett/rekneskap.

Netto budsjett: 222 417,-
Netto rekneskap 287 758,-
Totalavvik: - 65 340,-

Avviket skyldast i hovudsak underbudsjetterte løns- og pensjonskostnader.

4. Personale.

Torstein Ljone har hatt 50 % stilling i Ulvik herad
15 % av dette har vore utleigd til Granvin herad
Roar Spord er i 100 % stilling, har utført oppmåling og matrikkelføring (Fram til august) Etter den tid har ein kjøpt oppmålingstenester av Granvin herad.

5. Sjukefråvær.

Ikkje registrert.

6. Kompetanseutvikling.

Ikkje delteke på eksterne kurs dette året

7. **Helse, miljø, tryggleik og kvalitetssikring.**
HMT / internkontroll er under revisjon for eininga.
8. **Samfunnstryggleik og beredskap.**
Det er utarbeidd akseptkriterier for ROS-analysar i samband med ny utbygging og nye tiltak i eksisterande utbyggingsområder
9. **Konsekvensar for handlingsprogrammet.**
Gjennomsnitt sakshandsamingstid bygge/delesak: (lovpålagt i parantes)
Søknad § 20-1: 5 veker (12 veker)
Søknad § 20-2: 3 veker (3 veker)
Dispensasjonar: 8 veker (12 veker)
- Dette betyr at me held oss godt innafor dei lovpålagte fristane

Planarbeid /arealplanlegging

Fagansvarleg Lars Præstiin / Jarle Grevstad

1. **Omtale av overordna mål**

Sakshandsaming etter plan- og bygningslova.

Handsamingstida for reguleringsplanar, frå vedtak om offentleg ettersyn til planforslaget er endeleg vedteke, skal normalt ikkje overstiga 3 mnd.

2. **Oppnådde resultat i høve til vedtekne mål.**

Hovudarbeidet som er gjort på plansida i 2012 har vært konsentrert rundt arbeidet med ny arealdel til kommuneplanen. Det er lagt opp til vedtak av denne før sommaren.

Andre planar/temaplanar som har blitt vedtatt i løpet av 2012:

- Planstrategi for Ulvik herad 2012 -15
- Bustadstrategisk plan – Ulvik herad
- Reguleringsplan for hyttefelt på Viknes (privat reg.plan)

Resultat i budsjett / rekneskap:

Netto budsjett: 849 396.-
Netto rekneskap: 723 458.-
Avvik: +125 938.-

Grunna nedgang i stillingsprosent for planlegger/-konsulent har ein i 2012 spart ein del lønsmidlar ut i frå det som har vore budsjettert.

Landbruk (jord, skog, utmark, vilt og veterinær)

Fagansvarleg: Rolf Tore Djønne

Lars Præstiin

1. Omtale av overordna mål

Gjennomføra gjeldande landbrukspolitikk, samt ta seg av kommunale oppgåver innan landbrukssektoren og arbeida for utvikling av sektoren i høve til overordna planar.

- Stetta kommunale oppgåver innan jord, skog, utmark og viltforvaltning.
- Arbeida for utvikling av primærnæringane med utgangspunkt i landbruksplanen, vedteken av Ulvik heradstyre 13.04.2005, og Strategisk næringsplan.

2. Resultat

Eininga har løyst dei oppgåvene for fagområdet heradet skal/er pålagt å utføra.

3. Budsjett/rekneskap

Området vert i hovudsak dekkja av næringsfondet, og er gjort opp i balanse.

4. Personale

Skogbrukssjef i 50 % stilling. Jordbrukssjef i 80 % stilling. Det er 1 kommuneveterinær i Ulvik.

5. Sjukefråvær:

Ikkje registrert.

6. Kompetanseutvikling:

Skogbruk/plan:

- Kurs i arealplanlegging (UMB)
- Opplæring i naturmangfaldslova (FMHO)
- Grunnkurs GIS-line (Statens kartverk)
- Opplæring om PBL og dispensasjon (HFK/FMHO)
- Miljøregistrering i Skog

7. Anna

Møter gjennom året:

Orienterings-/informasjons-/kalibrerings-/drøftingsmøter:

Regionalplan for Nordfjella (2 møter); Rallarvegen/»Rallarvegappen» (2 møter); HordaHjort prosjektet (1 møte); Viltforvaltning (2 møter); Skogbruk, Hardanger – Voss (2 møter); Plannettverk, Indre Hardanger (1 møte); Hardanger landbruk (1 møte); Motorferdsel i utmark (1 møte).

Møter i administrative/politiske utval:

Ulvik landskapspark (4 møter); Regionalplan for Nordfjella (6 møter); Regionalplan for Hardangervidda (1 møte); Styringsgruppa for GPS-merkeprosjektet for villrein (1 møte); Bustadgruppa i Hardanger (5 møter); Rådgivande utval for Hallingskarvet nasjonalpark (1 møte); Finse Forum (2 møter); Rallarvegrådet (2 møter).

Arbeidsmøter utanom vanleg arbeidstid:

Ny Arealplan (6 møter)

Andre møter/konferansar:

Planforum (1 møte); USS (utmarks kommunenes samanslutning) samling (2 dagar)

Viltforvaltning:

3 møter med Ulvik Viltnemnd

Ny Forvaltningsplan for Kanadagås i Ulvik.

Ny avtale om ettersøk av fallvilt.

1 skadefellingsløyve for hjort.

1 løyve for fangst av raudrev

Rekneskap for Viltfondet: inntekter 25.653,-, utbetalt 21.625,-, saldo 161.841,- kor 124.841,- er disponibelt.

Resultatområde 281: Brannvesen (feiring / tilsyn og brann / redning).

Fagansvarleg: Egil Holven

1. Omtale av overordna mål

- Ei brannordning (inkl. feiring / tilsyn) i tråd med sentrale krav og lokal risikovurdering.
- Årsmål for dei enkelt områda som feiring / tilsyn, tilsyn med særskilde brannobjekt, øvingar, formell opplæring m.v.

Oppnådde resultat i høve vedtekne mål:

- Gjennomført 6 fellesøvingar. I tillegg har deler av korpset teke del i sjøvettdagen i Ulvik, den 20.6.2012.

- To personar oppmeldt til nettbasert kurs i brannvern, ein person fullført i 2012.
- Fire personar har fullført pålagt deltidsutdanninga for brannvernpersonell, i fellesskap med nabobrannvern.
- Feiing og tilsyn gjennomført etter oppsett plan.
- Det er utført 3 tilsyn med særskilde brannobjekt § 13.
- Ein revisjon av gjeldande brannordning er ikkje fullført. Men den 26.12.2012 vart det nedsett ei arbeidsgruppe (oppdrag frå regjeringa) som skal sjå på «Fremtidens brann- og redningsvesen», og dette arbeidet vil sannsynlegvis påverka Ulvik herads arbeid med ny brannordning.
- Det vil i 2013 bli satt i gang ein vidareføring av arbeidet med ein beredskapsplan for høgfjellsområdet, og Finse-området spesielt. Dette er ein oppgåve det lokale bannvesen ikkje har ressursar til å takla på eiga hand, og ein er avhengig at regionale styresmakter tar sin del av dette ansvaret.

Resultat i budsjett.

Netto budsjett, inkl. budsjettjustering:	1 309 491,-
Netto rekneskap:	1 167 498,-
Totalavvik:	- 141 991,-

Kommunale vegar.

Fagansvarleg: Øystein Austrheim (fram til mai 2012) / Jarle Grevstad

Omtale av overordna mål.

- Dei kommunale vegane skal vera trafikksikre og ha god framkomlegheit heile året.
- Dei kommunale vegane skal haldast ved like og utbetrast med tanke på god økonomi i eit langsiktig perspektiv.
- Vegane skal re-asfalterast med ein syklus på 20 år.

Oppnådde resultat i høve vedtekne mål.

Dersom standarden på dei kommunale vegane skal haldast og helst aukast må dei årlege økonomiske løyvingane aukast betraktelig i høve det som har vore "standard" dei siste åra.

Resultat i budsjett/rekneskap.

	Sommar	Vinter	
Netto budsjett:	996 018	842 996.-	.-
Netto rekneskap:	1 029 061.-	968 078.-	
Avvik:	-33 042.-	-125 082	

Det negative avviket skyldast i hovudsak større kostnader til brøyting og snørydding en det som var budsjettert. Brøyting medførte også i 2012 auka utgifter til sommar-

vedlikehald etter brøyteskader. Med den standarden det er på toppdekke på dei kommunale vegane, vil skader og utbetningskostnader auke suksessivt i åra framover.

Øk.plan og prioriteringsliste for kommunale vegar..?

Resultatområde 283: Bygg, eigedom, grøntområde

Fagansvarleg: Bjarte Ness

Omtale av overordna mål

Forvaltning, drift, vedlikehald og utbetring av kommunale bygge og eigedom innanfor tilgjengelege økonomiske rammer

Oppnådde resultat i høve vedtekne mål

Mykje av arbeidsinnsatsen for fagansvarleg har i 2012 vore planlegging, kontroll og utføring av drifts- og investeringsoppgåver.

- Maling av trygdebustader
- Flytta vegg i barnehagen
- Nytt golvbelegg og solskjerming på SFO, Brakanes skule
- Diverse tiltak på Sentrumsbygget: nytt belegg og maling kontorfløy 2. høgda, utbetring av husvære nr 1 og 4, planlegging bygg for nødstraumsaggregat, ombygging tenestetorget
- Vedlikehald husvære Øvre Paradis 10.
- Ny natursteinsmur og gatelys langs gangveg ved Tyssevikvegen/COOP
- Tilbygg til Ulvik sjukeheim, for nødstraumsaggregat, bosrom og rømingssveg.

Resultat i driftsbudsjett/rekneskap

Netto budsjett, inkl budsjettjusteringar	kr 8 830 627,00	
Netto rekneskap	kr 8 321 940,00	
Avvik	kr 508 687,00	

Kompetanseutvikling

Delteke på ulike kurs og konferansar

Helse, miljø, tryggleik og kvalitetssikring

Brannsjefen har gått branntilsyn på Sentrumsbygget, Elvatun og i barnehagen. Det er merknader på mellom anna dokumentasjon på utført ettersyn på tekniske anlegg og utførte brannøvingar.

Branndokumentasjon og Sikring har utarbeidd brannteknisk tilstandsrapport på Brakanes skule og Sentrumsbygget.

Det er gjort avtale med Vangen Elektriske om internkontroll på elektriske anlegg.

Reinhald.

Fagansvarleg: Gurid Sygnestveit

Omtale av overordna mål.

Behovsretta reinhald med hovudreint årleg der me vaskar dagleg.

Oppnådde resultat i høve vedtekne mål.

Også i 2012 har ein utfordringar med hovudreint, men ein kjem lenger og lenger for kvart år.

Resultat i budsjett / rekneskap.

Vaktmester og reinhald vert fordelt ut på dei ulike postane/tenestene, og skal i rekneskapen gå ut i 0.

Personale.

Ein stillingsheimel er auka frå 75 til 100 %, då teknisk eining no sel reinhaldstenester til Frivilligsentralen og Olav H. Haugesenteret. Reinhaldstenesta har ein stabil arbeidsstokk som bekreftar at det er ein fordel at ein har store stillingsheimlar med godt kvalifisert arbeidskraft.

Sjukefråvær.

Store stillingar viser godt att på fråværet, men eit registrert sjukefråvær på 7.31 % i 2012 er i største laget, og ein vil via informasjon og opplæring om riktig bruk av riktig verktøy til riktig jobb, saman med arbeidsergonomi, prøva å redusere dette fråværet framover.

Kompetanseutvikling.

Ein arbeidstakar er pr. d.d. under utdanning som fagarbeider, med avsluttande eksamen våren 2013.

Anna aktivitet / tiltak.

- Starta opp leigevasking på Ulvik frivillighetsentral og Olav H. Haugesenteret.
- Etterlyser framleis stimuleringstiltak for «langtidsfriske»...
- Med dei stillingsheimalane ein har i dag, har ein ikkje rom for aktivitet ut over dagens aktivitetsnivå. Jf. Fleirbrukshall m. m.